



# Sandøy kommune

-under høg himmel med vid horisont



## KULTURMINNEPLAN

*Temaplan*



**Utkast til kulturminneplan 2019**

# Innhald

1. Innleiing.....	3
2. Sandøy kommune i eit historisk perspektiv .....	6
3. Kulturminne – tematisk oversikt.....	7
3.1 <i>Frivillige lag, verksemd, kulturlivet</i> .....	8
3.2 <i>Bustader – byggetradisjonar - bygningsmiljø</i> .....	9
3.3 <i>Skule og opplæring – offentleg verksemd elles</i> .....	13
3.7 <i>Fiske, fangst, fiskevær</i> .....	16
3.8 <i>Havlandet – havrommet - skipsfart – lostenesta</i> .....	17
3.9 <i>Jordbruk – gardstun</i> .....	18
3.10 <i>Industri og verksemder</i> .....	20
3.11 <i>Handel – sørvis - handverk</i> .....	23
3.12 <i>Kulturlandskap og naturtypar</i> .....	24
3.13 <i>Samferdsel, kommunikasjon, infrastruktur</i> .....	25
4. Immatrielle og andre kulturminne.....	28
5. Kulturminne/kulturmiljø–aktuelle kulturminne.....	33
6. Museum og private samlingar .....	48
6.1 <i>Romsdalsmuseet</i> .....	48
6.2 <i>Private samlingar</i> .....	49
7. Utkast til handlingsplan.....	51
Vedlegg .....	52
Rammer for arbeidet – lover – planer m.m.....	52
Kjelder .....	52
Ord og omgrep.....	53

# 1. Innleiing

## Bakgrunn

Kommunestyret vedtok i handlingsplan og økonomiplan 2018-2021 at det skulle utarbeidast kulturminneplan for kommunen. Det var Klima- og miljøverndepartementet i lag med Riksantikvaren som gjennom satsinga Kunnskapsløftet for kulturminneforvaltninga, oppfordra kommunane til å utarbeide lokale kulturminneplanar. Målsettinga er å auke kunnskapen og merksemda om kulturminne, og at planane skal vere verktøy i forvaltning av kulturminne lokalt. Sandøy kommune fekk i 2018 tilskot frå Møre og Romsdal fylkeskommune- Riksantikvaren.

Dette er første gong det er utarbeidd ein plan for kulturminne og kulturmiljø for Sandøy kommune. Kommunen er mellom dei siste i fylket som lagar slik plan.

Dette er utkast til plan som skisserer aktuelle kulturminne. Planen må endeleg behandlast i nye Ålesund.

## Kva er kulturminne? - definiasjonar

Kulturminnelova definerer kulturminne og –miljø slik:

*«Med kulturminner menes alle spor etter menneskelig virksomhet i vårt fysiske miljø, herunder lokaliteter det knytter seg historiske hendelser, tro eller tradisjon til. Med kulturmiljøer menes områder hvor kulturminner inngår som del av en større helhet eller sammenheng».*

Det er vanleg å dele **kulturminne** i to hovudkategoriar – immaterielle og materielle. Tradisjonar, segn og myter, stadnamn, musikk og handverkstradisjonar er døme på immaterielle kulturminne. Bygningar, hagar, gravhaugar, helleristningar, båtar og vegfar er døme på materielle kulturminne. Desse kan vere frå tidlegare tider, eller frå vår eiga tid.

Eit **kulturmiljø** er eit område der kulturminne inngår som del av ein større heilskap eller samanheng. Naturelement med kulturhistorisk verdi kan vere ein del av eit kulturmiljø. Kulturmiljø kan for eksempel vere eit byområde, ei setergrend, eit fiskevær eller eit industriområde med fabrikkar og bustader.

**Kulturlandskap** er alt landskap som er påverka av menneske. Ordet blir brukt når det blir fokusert på den menneskelege påverknaden på landskapet, og særleg ofte om jordbrukslandskap. Kulturmiljø og kulturlandskap er ofte kjenneteikna av funksjonelle samanhengar i ressursbruken, som til dømes at gardsbruk omfattar både naust nede ved sjøen, sjølve gardstunet og seteranlegg til fjells.

Kulturminne og kulturmiljø er ikkje-fornybare fellesgode som kan gi grunnlag for økonomisk, sosial, kulturell og miljømessig utvikling. Gjenbruk av den historiske bygningsmassen kan også gi betydelege klimagevinstar. Arealendringar og endra bruk er nokre av dei viktigaste påverknadsfaktorane for kulturminne og kulturmiljø i Noreg. Fylkeskommunar og kommunar har ei viktig rolle i arbeidet med å ta vare på

kulturarven som ressurs for kunnskap, oppleving, bruk og gjenbruk. (Nasional forventning til regional og kommunal planlegging 2019-2023).

### **Kva blir teke med i denne planen – kva omfattar planen?**

Vi har i denne planen lagt hovudvekt på kulturminne, men tek også med nokre kulturmiljø og eksempel på kulturlandskap.

Vi har i første rekke konsentrert oss om å lage oversikt over aktuelle kulturminne vi har fått innspel om i planprosessen. Vi har ikkje gjort noko prioritering. Dette pga. kapasitet og fordi vi går over i ein ny kommune.

### **Målsetting**

Føremålet med planen er å gje ei oversikt over kulturminne og kulturmiljø i kommunen, og identifisere kulturminne av lokal verdi som kan vere viktige å ta vare på for framtida.

Kulturminne er fellesgode og kjelde til kunnskap, opplevingar, grunnlag for verdiskaping og styrking av lokal identitet og fellesskap. Ein kulturminneplan kan auke kunnskap og merksemd om kulturminne og bidra til at kulturminne vert synleggjort og brukt.

Ein kulturminneplan er eit verktøy for lokal og regional forvaltning og utvikling, og er eit kunnskapsgrunnlag for vidare planlegging og grunnlag for meir effektiv areal- og byggesakshandsaming der kulturminne er tema. Ein kulturminneplan gir meir føreseielege rammer for eigarar av kulturminne, og er grunnlag for tilskot til bruk og vedlikehald av kulturminne og kulturmiljø.

### **Kulturminne av lokal verdi**

Eit føremål med kulturminneplanen er å identifisere aktuelle kulturminne i Sandøy kommune som har lokal verdi, og som kan vere viktige å ta vare på for framtida. Vi har også tatt med kulturminne som allereie har eit formelt vern i dag.

### **Plantype og planen sin rettsverknad**

Planen har ikkje vore utarbeidd som kommunedelplan etter prosesskrava i plan- og bygningsloven, men er eit utkast til ein temaplan. Planen vil vere innspel til kulturminneplan for nye Ålesund. Planen i seg sjølv gir ikkje grunnlag for vern av kulturminne, men kan peike på behov for dette. Dette er ikkje gjort i dette utkastet.

### **Ulike former for vern**

Kulturminne og kulturmiljø kan ha formelt vern gjennom kulturminnelova, "Kyrkjerundskrivet" og plan- og bygningslova. Oversyn over freda, verna og verneverdige kulturminne i Sandøy kommune kjem fram i planen. Først gjennom plan- og bygningsloven kan kommunen verne kulturminne og kulturmiljø ved bruk av omsynssone i arealplanar og gjennom føresegner.

### **Korleis er arbeidet utført?**

Forslag til utval av kulturminne er eit resultat av ein lokal prosess. I arbeidet har sokenemnda vore referansegruppe, og det har vore folkemøte der vi inviterte innbyggjarane til å kome med innspel. Det er halde møte på Ona/Husøya, Sandøya og Harøya. På Harøya har i tillegg mindre grupper for ulike område gitt innspel. Vi

har hatt ei intern arbeidsgruppe. Vi har henta inspirasjon frå andre kommunar sine kulturminneplanar. Møre og Romsdal fylkeskommune har bidratt med gode råd i planarbeidet.

### **Korleis er planen lagt opp?**

Vi startar i kapittel 2 med ei kort oversikt over Sandøy i eit historisk perspektiv. I kapittelet 3 er kulturminna handsama tematisk, med eit historisk tilbakeblikk for kvart tema. I kapittel 4 omtalar vi kort immaterielle og andre kulturminne, og i kapittel 5 vert dei ulike kulturminna sortert geografisk; Harøya med dei forskjellige grendene, og dei andre øyane for seg. Kapittel 6 omhandlar museum og private samlingar. I siste kapittel har vi utarbeidd utkast/innspel til handlingsplan. I vedlegget omtalar mellom sentrale omgrep nytta innafør kulturminnevernet.

### **Vegen vidare**

Det går fram av planstrategien for nye Ålesund at kulturminneplan for den nye kommunen skal prioriterast. Dette utkastet til plan blir innspel til dette arbeidet i nye Ålesund.

Vi legg til grunn at det bli lokal involvering når det skal skje ei lokal prioritering til dømes via behandling i kommunedelutvalet.



Finnøya

## 2. Sandøy kommune i eit historisk perspektiv

### Tidsakse

<i>Steinalder</i>	<i>(9000 – 1800 f.Kr.)</i>
<i>Bronsealder</i>	<i>(1800 – 500 f.Kr.) – «Folkevandringstid» 400 – 570 f.Kr.</i>
<i>Jernalder</i>	<i>(500 f.Kr. – 1000 e.Kr.) – «Vikingtid» 800-1050</i>
<i>Mellomalder</i>	<i>(1050 – 1537)</i>
<i>Nyare tid</i>	<i>Frå reformasjonen og fram til i dag</i>

Øyane og holmane som i dag utgjør Sandøy kommune har vore bebudd heilt sidan steinalderen. Arkeologiske utgravingar og funn av lause gjenstandar vitnar om det. Det har vore ei form for busetnad frå denne tida og heilt fram til vår tid, sjølv om det ikkje har vore like mykje aktivitet og folk på alle øyane til ei kvar tid. Dette har veksla, frå Sandøya som den mest sentrale øya for verksemd og aktivitet, til Husøya og Ona, før Finnøya og Harøya vart øyane med størst folketal. Det er først ved inngangen til 1900-talet at Steinshamn står fram som det naturlege sentrum i kommunen.

Frå gammalt av har størstedelen av Harøya og dei andre nordlege øyane vore rekna som ein del av Ytre Romsdal. Spesielt samhandling med folk og samfunn på Gossen og Otrøya har vore mangfaldig; både kyrkjeleg og samfunnsmessig har folket på desse øyane vore organisert i lag. Heilt frå vikingtida var dette området organisert i «Sund åttring», dei høyrde til same «Bygdetingområde», og seinare var dei saman i same «Prestegjeld», «Amt» og «Stift». Folket i den sydligaste grenda på Harøya, Myklebust, var tilsvarande organisert mot Sunnmøre; Haram, Ålesund og til og med heilt til Bergen Stift. Ikkje berre det: I ein to-års periode frå 1658 til 1660 var «bystingane» framleis norske, medan folket på resten av Harøya og dei andre øyane var svenske...

Ein skal likevel ikkje overvurdere denne splittinga; sjølv om dialekta var forskjellig og små- og storpolitiske hendingar slo fast både det eine og andre; det har nok vore kontakt mellom folket i alle delar i kommunen, anten du budde i nord eller sør.

Både Sandøya, Husøya og Ona kunne i lange periodar vise til mangfaldige verksemder, heilt frå 1500-talet og fram mot midten av 1960-talet. Då tok fråflyttinga til, og no er dei fastbuande innbyggjarane i mindretal sett opp mot alle turistane som besøker desse øyane.

Rundt århundreskiftet 18/1900 veks det fram eit nytt tyngdepunkt i kommunen. Med utgangspunkt i tre heilt sentrale personar og familiar: Brødrene Sæbjørnsen på Harnes/Steinshamn, Huse-familien på Steinshamn og Nils N Finnøy på Finnøya. Kva desse seinare har generert av aktivitet og verksemder heilt fram til i dag kan ikkje overvurderast.

Den 5. desember 2019 vart siste kommunestyre halde i Sandøy kommune. Orten, Flatflesa og Lyngværet vert ein del av Aukra kommune, medan resten av øyane vert ein del av Ålesund kommune. 1. januar 2020 vart Sandøy kommune eit «kulturminne» i seg sjølv.

I Sandøy kommune er det fleire oldtidsminne, men det er ikkje registrert så mange funn samanlikna med t.d. nabokommunane Midsund og Aukra. Det kan vere fleire forklaringar på dette; færre systematiske, arkeologiske undersøkingar, og/eller at det har vore lågare busetnad ute på øyane i steinalderen og jernalderen, enn på øyane lenger inne i fjorden. Mykje av dette er omtala i boka «Oldtidsminner i Sandøy» skriven av Nils Parelius i 1969.

### Oldtidsminne i Sandøy kommune (Summert etter funna registrert av Parelius):

	Gravrøyser	Steinringar	Bauta
<b>Husøya</b>	<b>3</b>		<b>2</b>
<b>Sandøya</b>	<b>8</b>	<b>1</b>	
<b>Myklebust</b>	<b>8</b>		
<b>Røsok</b>	<b>10</b>		
<b>Morsund</b>	<b>7</b>		
<b>Brunvoll</b>	<b>1</b>		
<b>Harneshaug</b>	<b>18</b>		
<b>Harnes</b>	<b>1</b>	<b>1</b>	
<b>Huse</b>	<b>2</b>		

Berre om lag 1/3 av dette er det synlege spor etter i dag, t.d. er begge dei opprinnelege bautaene på Husøya forsvunne. 45 av funna skriv seg frå steinalderen, 1 frå eldre jernalder og 3 frå yngre jernalder.

### Automatisk freda

Riksantikvaren har registrert og oppført automatisk freda område i Sandøy kommune. Dette er alt frå busettings- og aktivitetsområde, enkelte lausfunn, kokegroper, eldstader, kyrkjebygg og kyrkjestader m.m. Dette kan ein finne her: <https://askeladden.ra.no>

## 3. Kulturminne – tematisk oversikt

### Innleiing

Med kulturminne meiner ein alle spor etter menneske det fysiske miljøet, inkludert stadar det er tilknytt historiske hendingar, tru eller tradisjonar til.

I dette kapitlet er kulturminna handsama tematisk, med eit historisk tilbakeblikk for kvart tema. Seinare i planen vert dei ulike, faste kulturminna sortert geografisk; Harøya med dei forskjellige grendene, og dei andre øyane for seg. Dette fordi dei ulike stadene har ulik, historisk utvikling.

### 3.1 Frivillige lag, verksemd, kulturlivet

Kommunen ser det som ei oppgåve å stimulere til frivilleg kulturminnevern gjennom aktivitet i lag og organisasjonar. Frivilleg arbeid er i seg sjølv kulturskapande og verdifullt for lokalmiljøet.

På slutten av 1800-talet og utover 1900-talet fekk foreiningslivet i Norge eit sterkt oppsving, også i Sandøy kommune. Misjonsforeiningar, avhaldslag, ungdomsforeiningar, idrettslag, skyttarlag, song- og musikklag, helselag osv. Det første misjonsmøtet vi veit om i Sandøy sokn, vart halde på Sandøya den 7. april 1861.

På Harøya vart det stifta eit songkor i 1886.

Harøy husmorlag vart skipa 12. juni 1929, ei verdsleg foreining som ikkje hadde utspring frå det religiøse bedehusmiljøet.

På Ona-Husøya vart det stifta eit ungdomslag i 1893/94, mest truleg det første av i alt fire ungdomslag som vart skipa i kommunen.

Det vart bygd bedehus i kommunen, t.d. bedehuset ved Harøy kyrkje, som er i drift enno. Ungdomslaga bygde forsamlingshus også: «Stormly» på Ona, «Kringsjø» på Sandøya, «Holmly» på Finnøya, «Vonheim» (rive) på Harøya og «Solwang» på Myklebust. I tillegg kan nemnast «Yngresheimen» på Steinshamn, tidlegare butikk, og no i bruk av Havgula (handarbeid, kunst osv). Namna på desse forsamlingshusa var typisk for tida dei vart tekne i bruk, og på Myklebust nøydde dei seg ikkje med enkelt-v i namnet på huset, men ein meir internasjonal –w sette spissen over i-en.

Ona-Husøy kvinnemisjonslag vart stifta i 1889, og den norske sjømannsmisjonen fekk lokallag her i 1915. Den indre sjømannsmisjonen vart stifta i 1935 under namnet «Nybrot».

Då Amtskulen kom til Harøya i 1883, førde dette til ei «oppvakning» på øya. M.a. resulterte dette i «Harøen Samtalelag».



Forsamlingshuset "Kringsjø" på Sandøya



"Vonheim under bygging". Brødrene Særbjørnsen var aktivt med på finansieringssida.



«Vonheim» vart bygd i 1902, og også misjonsfolk brukte huset først, men tok seinare i bruk ei bustadbrakke som vart gjort om til bedehus. Det opprinnelege Vonheim brann ned til grunnen i 1940, men vart gjenreist seinare. Det vart óg drive kino i mange år på «Vonheim». Huset vart rive for godt ved inngangen til 2000- talet.

Kommunen hadde eit aktivt skyttarmiljø utover 1900-talet, det var skytebaner både på Harnes og Myklebust. På Ona-Husøya vart det skipa eige skyttarlag i 1895.

Idrettslaga kan vise til ei rik historie i seg sjølv, på alle øyane, og i tillegg til Myklebust som i ein lang periode hadde eige idrettslag og fotballag (Sunnmøre krets). Den første «fotballbana» vi veit om var eit attlege på Myra som han Steinshamn-Pål eigde. Det seiast at han vart «dansande galen» då han oppdaga kva attleget vart brukt til, men det nytta ikkje. Seinare vart det etablert to fotballbaner på Harøya; ei i Hørvedalen på Myklebust og den andre på Harnes i 1947, før ein fekk nye Harøy stadion på Huse.

På Ona-Husøya veit vi at det var fotballaktivitet i 1916, og Ona Fotballklubb vart stifta i 1935. Fotballbana på Husøya vart teken i bruk i 1951.

På Finnøya hadde ein i etterkrigstida handballag både for kvinner og menn, der spesielt kvinnelaget utmerka seg og kunne skulde med eit kretsmesterskap.

På Ona hadde dei jamvel eit eige bad, det var helse- og husmorlaget som dreiv dette.

Kulturlivet elles har vore dominert av song- og musikk; utover 1980-og 90-talet hadde Harøy skulekorps mellom 70-80 musikantar, og hevda seg høgt i nasjonale konkurransar.

Det er i dag i alt fire eldre forsamlingshus att i kommunen, kvar med si særeigne historie. Ein bør ta omsyn til eventuell kulturminnestatus til desse

Det er to nedlagte fotballbanar i kommunen, ei på Husøya og ei på Myklebust. Det er berre nokre få år sidan den opprinnelege fotballbana på Harnes vart borte.

### **3.2 Bustader – byggetradisjonar - bygningsmiljø**

Bygningar i Norge frå før 1900 er registrert i SEFRAK-registeret, Riksantikvaren sin database for faste kulturminne. Mange av desse er meldepliktige ved eventuell riving eller ombygging, men dei er ikkje automatisk freda eller tillagt spesielle restriksjonar. Registreringa fungerer som eit varsel om at kommunen bør ta ei vurdering av verneverdien før det eventuelt blir gitt løyve til å endre, flytte eller rive bygninga. Ein må vere merksam på at ikkje alle bygningar i kommunen frå før 1900 automatisk er registrert i SEFRAK.

Som det kjem fram av denne oversikta er fleirtalet av dei registrerte bygningane konsentrert på Ona-Husøya, og på Røsok og Myklebust på Harøya. Dette vitnar noko om kvar det var størst aktivitet i eldre tider.

I Sandøy kommune fordeler registreringar av desse bygningane seg slik:

Stad	Tal på bygningar	Type bygning
<b>Myklebust</b>	44	10 løer, 12 våningshus, 2 torvsjåar, 4 naust, 5 stabbur, 1 grisehus, 5 uthus, 1 sjøbu, 1 brenneri, 1 sommarfjøs, 1 ruin naust, 1 ruin våningshus
<b>Uksnøya</b>	15	2 våningshus, 1 stabbur, 1 torvesjå, 2 naust, 1 grisehus, 1 løe, 1 brønn, 3 ruin sjøbuer, 1 ruin etter løe, 1 ruin torvesjå, 1 ruin utedo
<b>Røsok</b>	31	6 våningshus, 2 uthus, 4 torvsjåar, 6 løe, 3 sjøbuer, 1 tranbrenneri, 2 naust, 2 stabbur, 1 eldhus, 1 hønsehus, 1 kvernhus*, 1 ruin løe, 1 ruin våningshus
<b>Breivika</b>	15	6 våningshus, 1 stabbur, 1 læe, 1 løe, 1 uthus, 1 skule, 1 ruin naust, 1 ruin våningshus, 1 ruin torvsjå, 1 ruin gamleskule
<b>Morsundet</b>	3	2 våningshus og 1 brenneri*
<b>Marøya</b>	8	3 våningshus, 2 sjøbuer, 1 ruin fjøs, 1 ruin naust, 1 ruin våningshus
<b>Brunvoll</b>	5	3 våningshus, 1 løe, 1 ruin eldhus
<b>Huse</b>	11	5 våningshus, 1 løe, 2 naust, 1 garasje, 1 smie, 1 ruin fjøs
<b>Harnes</b>	9	5 våningshus, 2 stabbur, 2 løe
<b>Steinshamn</b>	17	8 våningshus, 5 naust, 1 stabbur, 1 torvsjå, 1 ruin naust, 1 ruin sjøbu
<b>Finnøya</b>	5	3 våningshus, 1 stabbur, 1 krambu
<b>Gåsøya</b>	5	2 fjøs, 1 naust, 1 sjøbu, 1 ruin våningshus
<b>Seterøya</b>	5	1 våningshus, 2 naust, 1 uthus, 1 ruin sommarfjøs
<b>Sandøya</b>	18	5 våningshus, 3 naust, 4 stabbur, 1 løe, 1 låve, 1 torvsjå, 1 uthus, 1 skule, 1 ruin våningshus
<b>Ona</b>	97	38 våningshus (stauer), 2 rorbuer, 7 uthus, 1 vaskehus, 3 stabbur, 6 sjøbuer, 5 sjøhus, 10 naust, 12 vedskåer, 1 butikk, 1 motorhus, 1 lagerhus, 1 grisehus, 1 hønsehus, 1 smie, 1 fyrbolig, 1 ruin sjøhus
<b>Husøya</b>	114	36 våningshus (stauer), 13 uthus, 2 tørkehus, 3 garasjer, 3 hytter, 2 sovebuer, 2 stabbur, 1 forsamlingshus, 2 pumpehus, 1 branndepot/telegrafstasjon, 1 doktorkontor, 6 naust, 1 telekiosk, 4 vedsjåer, 2 løe, 1 reiskapshus, 1 sjøbu, 1 hønsehus, 1 lærarbustad, 1 skulebygning, 2 ruin fiskesjå, 1 ruin sommarfjøs, 23 ruin rorbuer, 4 ruin våningshus
<b>Røssholmen</b>	2	1 hytte, 1 ruin høyløe

\*Ikkje registret i SEFRAK, men registrert av kommunen

Sandøy kommune har korkje monumentale middelalderbygningar eller andre arkitektoniske praktbygningar å vise til, men her er likevel spor etter byggetradisjonen i det særmerkte kystkulturmiljøet ute langs kysten.

Det var jordskifte på øyane av inn- og utmark i 1860-åra. Dette førte til flytting av folk, og til og med hus. Det var i denne tida det kom folk frå Sandøya til Finnøya, Gåsøya og Seterøya, og busetnadssoga kunne starte også der.

Opprinneleg var det nokre klyngetun/gardstun som var sentrale på dei ulike øyane, og i dei forskjellige grendene på Harøya. Både på Husøya, Sandøya, Huse, Brunvoll, Røsok og Myklebust var det større gardstun som vart utgangspunkt for seinare jordskifte.

Vi kan finne lokal byggeskikk langs kysten av nordvestlandet, også i Sandøy kommune. Ute på øyane var det ofte vanskeleg tilgang på trematerial, og husa vart bygd etter same plan som resten av fylket, men med mindre mål. Dette resulterte ofte i at avstanden mellom 1. og 2. etasje var liten, og ein måtte «ligge på kne for å sjå ut vindauga i 2. etasje» (Schistad 48:1975). Unntak fins, m.a. på Harnes på Harøya. der den såkalla «Mastaua» er dimensjonert etter større mål enn det som var vanleg elles. Sjølve namnet meiner ein kan skrive seg frå det opprinnelege «Mat-Staua»

Ein måtte også bygge husa slik at dei kunne tole vêr og vind, m.a. vedskåler mot vest for å ta av for vinden, og skeive takgavlvar som reduserte vakuumkrafta på baksida. Arkitektonisk kan ein også her følgje fogderigrensa som gjekk tvers over øya (liggjande og ståande panel). T.d. finn ein på Røsok eit hus som bygningsmessig er sunnmørsk, men panelet er ståande (romsdalsk).

Eit godt døme på byggetradisjonen på øyane finn ein i huset «Påskehella» frå Sandøya, som no står på Fiskerimuseet på Hjertøya.

På Ona måtte ein byggje etter dei geografiske tilhøva med liten plass, ein måtte byggje på svaberg utan å sprengje ut tomta. Uthus, stabbur, naust og våningshus ligg om kvarandre på eit lite område. Bordkledninga her er gjennomgåande ståande, romsdalsk. På Ona finn ein derfor også «kråp», eller «smau» (Bergen) og «veit» (Trondheim). Her kunne ein kome seg fram i ly av uvêret, på sementerte «gater», om lag 1 meter breie.

«Schmidt-hus»: Dette uttrykket stammar frå den tyske arkitekten og murmeisteren Hans Schmidt som slo seg ned i Sykkylven Han reiste rundt i distriktet og teikna og fekk oppført bustadhus. Ein finn tre døme på desse husa i kommunen: Eitt på Myklebust, eitt på Røsok, og det største på Uksnøya.



Schmidthuset på Uksnøya (foto Lene Gjelsvik)



Schmidthus på Røsok

Under 2. verdenskrigen vart det ført opp nokre «tyskerbrakker», spesielt på Steinshamn. Den største sto på Storaberget, det var også ei på Leighaugane. Den første vart ei tid brukt som «Herre-frisør» etter krigen, og den andre vart brukt til materiale for eit hus vi i dag finn i Breivika. Fleire hus som vart bygd i kommunen på 1950-talet er oppført av materiale frå tyskerbrakker som opprinneleg sto på Gossen. Det gamle «Kraftverket» på Huse vart bygd av brakker/flakar frå tyskerbrakker henta frå Gossen.

Sjøbuer var det mange av på alle øyane. Vi veit t.d. om 5-6 sjøbuer i området Morsund/Brunvoll. I dag står ei att på Marøya. Elles var det sjøbuer både på Uksnøyholmane, Kapplaupen og Risholmen (den såkalla «Bruningen-bua», der restane står enno). På Røsok kan ein m.a. finne tuftene etter «Sverrebuda», og «Olagardsnaustet».

«Vinnehus»: Dette var sjøbuer der ein kunne heise på land fangst og utstyr. Eit døme på dette er Vinnehuset på Finnøya, som no er innlemma som ein del av Finnøy Havstuer.



*Vinne, sjøbu på Røsok*

Det var nokre få såkalla «Ishus» i dei ulike grendene, i alle fall veit vi om eitt på Røsok, sett opp av det lokale fiskarlaget omkring 1900.

I «Eldhuset» i Morsundgarden» var det på ein av bjelkane skore inn: «*Bøgd 1760 af Harøen Tømber*». Mest sannsynleg tyder dette at huset var sett opp av tømmer frå Harøya, ikkje at det var ei verksemd som heitte «Harøen Tømber».

Eit døme på utskiftinga frå 1860-talet er «Olagarden» på Røsok. Denne vart flytta frå bygdetunet på Røsok, og tømmeret er slik det var opprinneleg, frå før 1860. Det var her, i øvste etasje, at amtskulen heldt til i 1884-1886.

Det gamle fiskarmiljøet på Røsok vart også spreidd etter utskiftinga: både «Eldhuset», «Brenneriet», «Fabrikken», «Delfinbuda», Dei tre åttringnausta: - «Haugengardsaustet», «Ivergardsnaustet» og «Knutgardsnaustet» vart reist på nytt med ny plassering.

På Finnøya sto det eit hus som vart kalla «Bartehuset». Grunnen til det var at det ved innsegling til øya kunne sjå ut som om huset hadde ein bart der det var plassert på ei høgde. (Det var eigentleg ei plante - kaprifolium- som vaks rundt dørøpninga). Typiske våningshus frå 1800-talet kan ein i dag finne t.d på Gjerdet (Sæterøyhuset), Harnes (Mastaua), Bergan (Sæbjørn Olsen Harnes), og Husegarden (Erik Amundsen Huse).

Spesielt på Harøya var det mange «Torvsjåar». All torv som vart spadd ut av myrane trengte ein tørr plass for vinteren. På Ona og Husøya var det lite myr, men her var det «vedsjåane» som vart brukt til oppbevaring av brensel.

Sandøy kommune ligg i eit grenseområde, og dette vert spegla att også i byggeskikken. Vi finn reine sunnmørske byggetradisjonar, og likeeins romsdalske byggetradisjonar. Og så finn vi hus, t.d. på Røsok; bygningar som har innslag av begge byggetradisjonane.

### 3.3 Skule og opplæring – offentleg verksemd elles

Eit tidskille for kommunen var «En høyere almueskole» for Romsdal amt – på loftet i Olagarden på Røsok åra 1883-85. Dette førde til nye impulsar, anna enn dei reint åndelege og kvardagslege.



*Amtskulen i Olagarden på Røsok 1883-85*



*Tidlegare skule på Sandøya*

Ei kort, historisk oversikt:

#### **Kunnskap skal bygge framtida (frå Sandøy kommune si heimeside)**

- 1877. Omgangsskule på Harøya er ein saga blott. Eit nytt skulebygg vert teke i bruk. Breivika.
- 1883. Ei ny tidsrekning vert innført i lokalsamfunnet – før og etter amtskulen.
- 1889. Ona/Husøya får også bygd ny, fast skule.
- 1890. Det vert innført 36 vekers framhaldskule.
- 1892. No er Sandøya også forspent med eige skulebygg.
- 1893. Kommunestyret løyver pengar til ei skuleboksamling
- 1895. Kommunestyret gir løyve til å setje i gang den første yrkesopplæringa i jordbruk og fjøsstell.

- 1896. Sandøy kommune innfører landsmål (nynorsk) som skrifts- og opplæringspråk, den første kommunen i Noreg.

Det har vore fleire skulebygg i kommunen, både Husøya, Sandøya, Finnøya, Breivika (seinare Huse) og Myklebust hadde eigne skulebygg. Skulen på Finnøya - Holmane skule – tok i mot barn frå Seterøya og Gåsøya, desse budde på internat.

Det første, faste skulehuset i kommunen, etter at omgangsskulen vart avvikla, var skulen i Breivika som vart oppført i 1877. Skulehuset på Husøya sto ferdig i 1889, og skulehuset på Sandøya vart ferdigstilt i 1893/94. Ved inngangen til det nye sekelet hadde kommunen med dette 3 skulebygningar i bruk.



*Gamleskolen i Breivika (Svein Sæbjørnsen fotosamling)*

Det første «Heradsstyret» i eigen kommune, frå 1867, hadde ikkje fast møtestad. Mellom anna skulle det vere møte på Gåsøya i 1870, men veret var så stygt at Ortaværingane ikkje kunne reise dit. Då samla ordføraren representantane i ein stor båt for heller å dra til Orten, men då var det representantane frå Harøya som vegra seg. Møtet vart likevel halde, med 8 stemmeføre menn. Kommuneøkonomien var ordna i ulike «kasser», slik som skulekasse, fattigkasse, heradskasse, kyrkjekasse, vegkasse m.m.

Folket i Sandøy var ikkje vande med eiga legeteneste da den nye kommunen såg dagens lys. Den første legen som hadde teneste i Sandøy var lege Rambeck i Bud, som hadde faste turar ut til kommunen etter faste takstar frå 1898.

Med jordmortenesta var det litt betre stilt: Første registrerte jordmor for øyafolket i Sandøy var Enge Kolbeindotter. Ho hadde gått jordmorskulen i Oslo og gjorde teneste for kvinnene her ute frå 1828 og heilt fram til 1872. Ho og mannen budde på Kyrkjehaugen på Huse. Etter henne var det fast tilsette jordmødre på Harøya.

Alle dei eldre skulebygningane i kommunen, som ikkje allereie er rivne, er i privat eige. Det har tidlegare ikkje vore gjort ei vurdering på om nokre av desse kan ha hatt kulturminnestatus.

### **3.4 Kyrkje, kyrkjegardar/gravplassar, bedehus**

I mellomalderen var det kyrkjestadar både på Ona, Sandøya og Harøya. Mest sannsynleg var dette stavkyrkjer, i alle fall den på Ona. Seinare vart det to kapell i soknet, eitt på Harøya og eitt på Sandøya. Kapellet på Sandøya var i si tid flytta frå

Ona. Begge kapella var utan gravplass, og dei døde måtte gravleggjast på Aukra. Kyrkja og gravplassen på Sandøya vart bygd i 1812 og dei to kapella vart rivne. Det var 12 gudstenester i året i den nye kyrkja, og presten budde på Aukra. Kyrkja vart felles for begge sokna. Gravplassen på Sandøya vart brukt fo alle i kommunen fram til 1905, då Harøya fekk ein hjelpekyrkjegard.



*Kyrkja på Sandøya*



*Prestestauå på Sandøya*

I 1934 vart kyrkja på Harøya bygd, og soknet hadde no to kyrkjer. Arkitektar for kyrkja var Fredrik Ziegler Kavli og Paul S. Michelsen. I tillegg til dei to kyrkjene har soknet i dag eit klokkehus og gravplass på Husøya, og eit klokkehus med gravplass på Myklebust.

På Sandøya står «Prestestauå», i dag tar Sandøy Vel seg av vedlikehaldet, med støtte frå Sandøy kommune. Det seiast at den er oppført i 1827, men dette er ikkje stadfesta. Den er verna med regional verdi, og ei av få slike som er att i fylket.



*Klokketårnet og kyrkjegarden på Husøya*



*Gravplassen på Myklebust*

Også naturlandskap kan knytast til kyrkjetemaet: Oppe på Varden på Sandøya tende dei bål for å varsle folk på dei andre øyane at «no er presten komen».

På fleire av kyrkjegardane kan ein finne spesielle gravminne/familiegravstadar. M.a. familiegravstaden til familien Sæbjørnsen på Harøy kyrkjegard, her finn ein også bautaen over kyrkja sin arkitekt, Fredrik Kavli, frå 1910.

Bedehuset på Harøya og Yngresheimen på Steinshamn er døme på bygg med rikholdig eldre historie, men som framleis er i bruk.

Dei to kyrkjene i kommunen, på Harøya og Sandøya, er automatisk freda med nasjonal verdi. Dei to kapella med gravstadar, på Husøya og Myklebust, er ikkje på ei slik liste. Mykje lokalhistorie kan nytast til desse to stadane. Desse er derfor aktuelle kulturminne med lokal verdi.

På alle gravplassane er det minnesmerke og gravplassar det er knytt særskilde historier og hendingar til, og desse vil også kunne ha lokal verdi.

### **3.7 Fiske, fangst, fiskevær**

Som det første fiskarlaget i Møre og Romsdal vart Harøy fiskarlag skipa allereie i 1898.

Det var det såkalla «Landmédfiske»-som vart drive framover 1800-talet; fiske nær land der ein kunne sjå méda på land. Dette varte frå februar til ut mars. Det var likevel garden som var den viktigaste inntektskjelda, sjølv ute på øyane. Men fiske til eige bruk var svært vanleg. Folket her ute var likevel kjend for dristige fisketurar langt til havs i opne båtar, med berre ei presenning å sove under. Fangsten vart salta og tørka, og mellom anna seld på Romsdalsmartnaen om hausten. Mellom folk var det vanleg at landmeda gjekk ut i sjølve sjøen, slik at eigedomsgrensene for dei ulike gardane vart forlenga, om enn ikkje i juridisk forstand.

Ona var det sørligaste fiskeværet i landet, med nær tilgang til dei rika fiskefelta. I kulturminneplanen for Sandøy kommune er fangst eit naturleg tema, framfor alt kvalfangsten som har spelt ei stor rolle for samfunnet her ute gjennom mange tiår. Dette vert nærare omtala under kapitlet som omhandlar «Industri og verksemder».

Av bevarte kulturminne må nemnast «Trerøringen» på Røsok, ca. 200 år gamal. Den 17. juni 2000 vart denne henta frå Bergannaustet på Harnes, der den hadde stått i 2-3 mannsaldrar. Båten var i dårleg stand, og siste kjente eigar var Sæbjørn O. Harnes (1838-1910). Båten var 8 meter lang, 2,3 meter brei, og med tre par årer. Båten vart restaurert i regi av initiativgruppa til bevaring av Røsokvika: Svein Ove Søholt, Harald Rogne og Nils Røsok. Til dette arbeidet hadde dei god hjelp frå fagfolk frå Romsdalsmuseet.

Ei rekkje båttypar var i bruk i kommunen utover 1700- og 1800-talet: Færing, torøring, storfæring, firrøring, fembøring, seksring, fjørnfar, åttring, sambøring og føringsbåt. Desse båtane brukte ulike fiskereiskap i same tidsperiode: djupsagn/snøre, fiskevad, line, torskegarn, sildegarn, småfiskgarn, sildenot, kastenot, sekkenot og trål. Alle desse båtane og fiskereiskapen trengte plass til oppbevaring,



og naust og sjøbuer var, og er, sentrale bygningar i dei ulike grendene og øyane i kommunen.

I heile kommunen kan ein finne spor etter gamle landfeste for båtar, dette kan ein sjå som ringar i berget der båtane låg fortøyd. Døme på dette finn ein både på Røsok og Skarvholmane. Gjerne var dette på små holmar og skjer i nærleiken av land. I fiskarbondemiljøet låg båtane ofte på utfar, det var ikkje grunnforhold for å bygge større hamner. Båtane her låg «på svai». Enkelte stader var likevel grunnforholda slik at det kunne byggjast hamner, både på Husøya, Ona, Steinshamn, Morsundet og Myklebust fekk ein etter kvart opparbeid hamner som kunne ta i mot mindre og større båtar.

Gamle båtstøer og nausttufter finn ein også i heile kommunen. Frå gamalt av er det påvist langbåtstøer både på Myklebust, Husøya og Morsundet/Breivika. Støer for større båtar fanst også, t.d. «Jekttestøa» på Røsok.

Kjende og «ukjende» fiskemød var også svært viktige i kvardagslivet for fiskarbonden. Det vert for omfattande å ta med alle desse i ein kulturminneplan, men dette kan ein vurdere ved ei seinare revidering av planen.

Kvinna si rolle i det typiske fiskarbondemiljøet var avgjerande for at samfunnet kunne halde seg opp på dei ulike øyane, i kvardag og fest. Ofte er det ikkje desse som er mest vert via størst merksemd, anten det er bedriftshistorier eller offentlege planar som skal skrivast. Kvinner som «Fiskarbone» er eit kulturminne verd og nemne i seg sjølv. Organisering av klyngetuna var viktig for samhaldet og for at ein kunne hjelpe kvarandre i kvardagen.

«Finnøymotoren» var med å revolusjonere fisket langs kysten i starten av 1900-talet, og i 1905 var det berre fem av i alt 46 fiskebåtar i Sandøy kommune som ikkje hadde motor. Her låg fiskeflåten i kommunen langt føre andre kommunar på nordvestlandet.

Den første dekksbåten for havfiske vi kjenner til i kommunen var Nils Olsen Ona med båten «Viking». Dette gjorde at fiskeområdet vart utvida og ein kunne oppsøke fiskefelt langt til havs.

### **3.8 Havlandet – havrommet - skipsfart – lostenesta**

Kulturminner under vatn er freda om det er eldre enn 100 år og om eigar ikkje kan finnast. Det er registrert slike funn i Sandøy.

I Røsokvika finn ein stadnamnet «Losdalen». Dette var ein utkikspost frå fjellsida der losane kunne få augekontakt med lossøkjande båtar

På Marøya, Brunvoll og Morsundet var det i tidsrommet 1790 til 1900 til saman 22 losar. Den siste var Elias Gabriel Kristoffersen Marøy. «Los-tønna» til Elias er i dag på Fiskerimuseet i Molde (Hjertøya). I Morsundet, på bruk 12/2, «Inni Bakkå», var Lars Jonsen los. Alle losane var godkjende, og hadde losbrev (patent). Jon L. Morsund har, mellom andre ting, ein langkikkert etter oldefar sin, Lars Jonsen. Lars kunne sitt yrke på sjøen: Han fekk 1. pris ved båtstemne i Trondhjem i 1896.



*Loskikkerten til Lars Jonsen*



*Lars Jonsen: 1. pris, båtstevne i Trondhjem*

Losing var ei viktig attåttnæring både på Myklebust, Røsok, Morsundet/Brunvoll, Sandøya, Husøya og Ona. Mest kjend er nok fyrstasjonen på Ona, men losing gjekk føre seg lenge før organisering av Losvesenet skjedde i 1720. Losing var ikkje for kvar mann, ein måtte avleggje «ed for kongen». I 1773 veit vi at heile 14 strandsitjarar på Ona var registrerte som losar, og i 1825 var det registrert seks losar på Ona og sju på Husøya. Også før fyret på Ona vart bygd var det «Onakalven» som tente som utkikspost. Denne gamle lostenesta var avslutta i 1933; fyra og fyrlyktene gjorde no dette arbeidet.

Sjølve fyrstasjonen på Ona vart bygd i 1867, og fyrvaktaren tok på mange måtar over det ansvaret som før hadde lagt til dei enkelte losane. Den siste fyrvaktaren på Ona, Guttorm Rudolv Stensen, avslutta arbeidet sitt i 1971. Då hadde automatiseringa teke over for godt.

I tillegg til fyrstasjonen på Onakalven, har ei rekkje fyrlykter gjort si teneste i farvatnet rundt kommunen.

Det har vore fleire forlis i områda rundt kommunen, vi veit om 20 i alt, nokre av dei svært dramatiske med store tap av menneskeliv. Mange av desse hende på slutten av 1700-talet og starten på 1800-talet.

Eit av desse forlisa var skipsbruddet til «Marchaden» i 1794, ulykka vart minna i 2018 da etterkomarar etter dei som vart redda fekk sett opp ein minneplakett ved Sandøytunet. Tanken er at denne plaketten kan bli starten på ein meir omfattande markeringstad for skipsforlis og redningsaksjonar på denne værharde kyststrekninga.

Sandøy kommune er sjølve definisjonen på «Havlandet». Vi viser også til at nye Ålesund skal ha eigne stillingar lokalisert på Harøya med arbeidsområde havlandet. Med tanke på den rikhaldige historia, både til lostenesta og skipsfarten, er det ikkje unaturleg å tenke seg at det i framtida kan etablerast eit senter her ute som tek vare på, og formidlar, denne historia.

### **3.9 Jordbruk – gardstun**

Jordbruk og fiske gjekk hand i hand for fiskarbonden og familien. Jordbruket gav utkome til mat og levemåte, medan fisket gav pengeinntekt til skattar, avgifter og anna innkjøp til hushaldet.

Enkelte gardstun, klyngetun, var det i kommunen, både på Husøya, Sandøya, Uksnøya, og dei ulike grendene på Harøya. Det var ikkje berre tradisjonell gardsdrift på desse gardane, ein prøvde seg også med mølledrift knytt til garden. Dette kjenner vi både frå Andersgardsløa på Husøya og i garden i Morsundet. Her kalla dei vindmølla si for ei «vindgreie». Dette vitnar om både pågangsmot og oppfinnsomheit for å gjere kvardagslivet enklare. Døme på meir omfattande mølledrift er nemnd i kapittel 3.10.



*Våningshuset på Gjerdet, restaurert av Knut Sæterøy og Synnøve Austnes*



*Mastaua på Harnes*



*Gamal stove, Rasmusgarden/Sørigarden på Uksnøya*

### 3.10 Industri og verksemdar

Ein summarisk sveip gjennom kommunen si tidlege næringslivshistorie:

*Fram til 1867, då sandøyværingane lykkast, etter mangeårig strev og strid, å skilje lag med Akerø (Aukra) Prestegjelds Herred i Romsdals Fogderi og Amt og stå fram som ei sjølvstendig kommune, hadde innkome og dagleg brød i all hovudsak fiskarbonden sørgja for. Fiskarbonden, eit kjønnsnøytralt omgrep; kona som tok hand om gardsbruket, heimleg handverk og oppseding av ungane, medan mannen hadde havet som arbeidsplass. Med sjølvstendeerklæringa bråvakna sandøysamfunnet opp til ein arbeidsdag fylt av kunnskapssvult, nybrotstankar og framstegsvilje. Påverka av optimismen og sjølvtrua som prega den norske tidsånda fram mot hundreårskiftet, fekk skaparkrafta rotfeste på øyane "Ytst mot brynet". Gründeren og gründerånda vart fødd. (frå Sandøy kommune si heimeside, gjeld også oppsummeringa nedanfor)*

#### **Gründeren, vidsynet, skaparkrafta**

- 1884. Kommunestyret søkjer Indredepartementet om å hyre inn ein ingeniør for å utgreie om den sterke havstraumen gjennom Hellesundet kan nyttast til møllebruk.
- 1884. Nils N. Finnøy startar opp ei smedverksemd som skal vise seg å bli ein arnested for nyvinningar.
- 1891. Nils N. Finnøy tar patent på eit garnspel og 7 år seinare på eit line- og kabelspel.
- 1901. Frå vinddrift til motordrift. Fiskarane Rasmus Torsen, Knut Jonassen og Mathias G. Sandøy får finansiert kjøpet av ein engelsk motor til fiskebåten. Eit vågalt sprang av det første i sitt slag i kongeriket.
- 1902. Nils N. Finnøy får stabil start på prototypen Finnøymotoren, den første norskbygde fiskebåtmotoren.
- 1902. Nils Øiehaug startar torvfabrikk på Nordheim. Frå utskipingshamna går produktet til Ålesund for straumproduksjon og oppvarming.
- 1912. Med vedtekter skrivne på nynorsk får kommunen ein finansinstitusjon, Sandøy Sparebank.
- 1912. Brødrene Brunvoll etablerer Brunvoll Motorfabrikk, utfører båtrepasjonar og produserer etterkvart garnspel og båtmotorar.
- 1914. Brødrene Sæbjørnsen startar fiskehermetikkfabrikk på Steinshamna.
- 1914. Romsdal fiskevegfabrikk produserer fiskevegn i fabrikklokale i Røsokvika.
- 1915. I.P.Huse-verksemdene omstiller seg frå handel til produksjon av tønner.
- 1916. Kommunestyre gjer vedtak om vere med å skipe Tafjord Kraftselskap.
- 1917. Brødrene Sæbjørnsen si regionale pionersatsing på selfangst tek til. Året etter legg reiarlaget om til kvalfangst.
- 1927. Sæbjørnsen-brødrene sin landstasjon for industriell utnytting av kvalen vert kombinert med sildoljefabrikk.
- 1930. Mekanisk verkstad ved I.P Huse
- 1933. Leikefabriken på Nordheim



*Minnestøtte på Finnøya over Nils N. Finnøy Nordheim, ei industribygd*

På Harøya vart det etablert eit «ikkje-maritimt» innslag når det gjeld verksemder: Leikefabrikken på Nordheim. Olav Øiehaug på Nordheim, sløydlærar, starta opp trevarefabrikk saman med far sin, Nils, i 1930. M.a. landets største produsent av penalhus! Rundt 15-20 personar var tilsett på det meste. Produksjonen vart innstilt i 1960-åra.

Det var også ulike skreddarverkstadar i kommunen: Vi kjenner til skreddarverkstaden til «Trefot-Elias» på Harnes i 1920, og ein skreddarverkstad på Steinshamn driven av Thomas G. Sandøy, frå 1916 og til rett etter 2. verdskrigen. Det var rundt 10-12 tilsette her på det meste.

Med all den verksemnda og privat initiativ som etablerte seg i starten på 1900-talet, vart det behov for lån til finansiering, og Sandøy Sparebank vart stifta i 1912.

Elles var det mange ulike verksemder knytt til dei ulike gardane og grendene: Vi kjenner til både mølledrift, bakstehus, ishus, fiskevegn og møbelfabrikk som viser at det oppstod gryande verksemder ved sida av den tradisjonelle gardsdrifta.




*Kvernhus på Røsok (restaurert av Nils Røsok) Brenneriet i Klomra-Morsundet*

Tranbrenneri var det fleira av i kommunen, både på Sandøya, Røsok, Myklebust, Morsundet, Husøya og Ona veit vi om slike. Det høyrer med til historia at brenneriet på Sandøya også i periodar, kanskje for å gjere seg rett til namnet, dreiv med brennevinutsal. Brenneriet på Husøya var i drift allereie i starten av 1700-talet.

Det er hevda frå fleire hald at Sandøy kommune var sjølv arnestaden for fleire industriverksemder i fylket. Det er belegg for å hevde dette: Eit 20-tals verksemder sprang ut av miljøet rundt Nils N. Finnøy sin motorfabrikk.

Den første «Finnøymotoren» - vart utvikla i 1902 og sett i produksjon på Finnøya i 1904. Det var mellom 25-30 tilsette i 1914, inkludert støyperiet.



På Finnøya vart det bygd eit støyperi («Støyperiet» på Kråklandsholmen) rundt 1910. Dette var først eit jarnstøyperi, før det vart tatt i bruk som metallstøyperi etter nokre få år (1914).

#### **Ei kort oversikt over nokre av dei tidlegaste verksemdene i kommunen:**

- Kavli og Sæbjørnsens hermetikkfabrikk på Steinshamn 1912-1919.
- Sildoljefabrikken på Steinshamn (brdr. Sæbjørnsen): 1927-1971.
- Formjøls/sildoljefabrikken på Steinshamn (IP Huse): 1924/27
- Produksjon av Sildoljemaskiner (IP Huse): 1930 -avslutta på 1950-talet.
- Kvalstasjonen på Steinshamn (Brdr. Sæbjørnsen): 1917 – 1969.
- Harøen torvfabrikk: 1903 – 1927 (Nils Øiehaug). 15-16 tilsette, forsynte m.a tekstilfabrikkane i Ålesundsdistriktet med brensel (Aarsether-Devold).
- «Brenntorv» - frå 1915-1945. Ingebrigt Huse.
- «Harøy Preservering AS» - Peder og Sæbjørn Brunvoll, den noverande «Torodd-bua» på Steinshamn. Hermetikkfabrikk 1941-1945, rundt 20 tilsette i på det meste.
- Tønnefabrikk etablert på Steinshamn i 1915, Ingebrigt Huse



*Torvfabrikken ca. 1910 (Svein Sæbjørnsen fotosamling)*

Ei stor omvelting hendte i 1945: Brygga til IP Huse brann ned. Brygga, verkstaden mot vest og mjøllageret brann ned til grunnen. Sildoljefabrikken vart berga. Verksemda vart likevel tatt opp att i åra som følgde.

På Ona oppstod det ei mengde verksemdar frå den tida aktiviteten var størst: Ulike krambuer, vekslande fiskemottak med ulike eigarar utover 1900-talet, Ona Handelskompagni, veveri, minkoppdrett, plastbåtproduksjon og mjølkesal, for å nemne noko. No er alt dette avløyst av ei andre næringar som turisme, strikkebutikk og keramikk.

Tidene skifter: Frå enkeltgründarar på Røsok, Steinshamn, Finnøya og Sandøya, til Brødrene Sæbjørnsen, til IP Huse, og no «Rostein», som no er den største bedrifta i kommunen, målt i tilsette.

Industrihistoria er viktig i Sandøy kommune. Takka vere private samlingar er mykje av dette blitt teke vare på.



Steinshamn 1958 (Svein Sæbjørnsen fotosamling)

### **3.11 Handel – sørvis - handverk**

Rønneberg og sønner i Ålesund etablerte handel i «Gamlebua» på Steinshamn i 1876, men før det dreiv ein Olsen frå Dryna handel her, og det var han som bygde denne bua.

«Stenshavn» vart skilt ut som eige bruk i 1882 til Paul I. Huse, noverande «Garden». Her vart det etablert eit handelsutsal. Det vart etter kvart ei gryande handelsverksemd på Steinshamn- i overgangen frå naturalhushald til pengehushald. Krambuhandelen her vart lagt ned i 1925.

Det har vore ei rekkje butikkar og handelsutsal på Harøya: «Karsten Vatne» på Steinshamn, «Austre» (Yngresheimen) på Steinshamn, butikkutsal i «Salomohuset», «Marstrand» «Heimi-garda – Bløhuset» og utsalet til «Beret-Anna på veia» på Brunvoll, samt eigne utsal Røsok og på Myklebust handelslag. Dette berre for å nemne nokre.

På Finnøya, Sandøya og Ona var det også eigne butikkar og utsal.



*Butikken Sandøya*

Ikkje berre daglegvarer vart omsett: «Harøens meieri» vart stifta 1897 av Steinshamn-Pål. Også på Myklebust var det meieri, det vart eksportert mjølkeprodukt heilt til Skottland her i frå.

Handverkstradisjonar vart tatt vare på innafor gardens eige kvardagsliv, men det var glidande overgangar frå handverk til verksemd: Til dømes skomakarverkstad på Ona.

Tørking av fisk var også vanleg i heile kommunen, mange stader vart det lagt til rette for tørking av klippfisk, og det er mange «klippfiskberg» i kommunen. Dette er også eit døme på tradisjonelt handverk som enkelte stader gjekk over til økonomisk verksemd.

### **3.12 Kulturlandskap og naturtypar**

I dag står det att berre 10 prosent av det opprinnelege lyngheiområdet i Norge. I Sandøy kommune er det registrert slike område på Håværet, Seterøya, Gåsøya og Uksnøyholmene. På desse øyane og holmane har det vore tidlegare busetnad, men dei er fråflytta no. På dei bebudde øyane Husøya, Ona, Sandøya, Finnøya og Harøya er det ikkje lenger registrert lyngheiområde.

I det store myrområdet på Harøya kan ein finne restar etter ein omfattande privat torvproduksjon som gjekk føre seg i første halvdel av 1900-talet. I tillegg oppstod det også torvfabrikkar. Det var ein ved bedehuset på Nordheim, og ein ned mot Breivika. Torven vart frakta med jernbanelinjer ned til sjøen for vidare eksport. Grunnlaget for dette var sjølv sagt det særeigne kulturlandskapet på Harøya: Dei store myrene som gjorde produksjon av brenntorv muleg.

På Harnes frakta dei torven ned til sjøen ved hjelp av ei taubane. Dette var nok mest i privat regi, og ikkje ein torvfabrikk i ordets rette forstand.

I heile kommunen kan ein finne dei særmerkte steingardane; det gamle skillet mellom innmark og utmark. Mest synleg er dette i dag på Sandøya, Røsok og Myklebust.

Ei avgjerande endring i kulturlandskapet gjekk føre seg på slutten av 1800-talet; tidsperioden for utskiftinga av innmark og utmark. No oppstod det nye tomter, hus, tun, steingardar, beitemark og gjerder i eit landskap som tidlegare ikkje hadde vore brukt av folk.



Kulturlandskapet endrar seg kontinuerleg i takt med tidas krav og næringsaktivitetar. Husøya kan tene som eit døme på dette: Mot slutten 1700-talet og inn i 1800-talet var Husøyleira eit mylder av rorbuer og sjøbuer, i dag er det berre enkelte restar og tufter å sjå frå tidlegare tider.



*Steingard på Myklebust.*



*– og på Røsok.*

### **3.13 Samferdsel, kommunikasjon, infrastruktur**

På Ona var det opprinneleg «Nøkketjønna» som forsynte folk med drikkevatt, elles hadde mange av husa eigne oppsamlingskummar til bruk for vaskevatt. På Husøya var det fleire plassar å hente vatn; den viktigaste var «Tynnjø» ved gamleskulen på Stølen. I tillegg hadde fleire gardar eigne brønningar. Statens Hamnevesen laga fellesbrønningar, først i 1926 og i 1938 på Ramnbjøra. Ona Vassverk vart stifta i 1954, med nytt vassverk på Heia i 1955. I 1997 vart øysamfunnet kopla til SaHara-sambandet med vatn i rør frå Brattvågen. På Mykjebust var dei vande med drikkevatt av god kvalitet; frå forskjellige oppkome ved foten av Harøyburet.

Frå naturen si side er hamnetilhøva vanskelege i kommunen, det er langgrunt fleire stader. Ein klarte likevel å legge til rette for hamner både på Myklebust, Røsokvika, Steinshamn (Harnes), Sandøya, Ona og Morsundet.

1902: Fast dampskipsrute frå Ålesund til Molde, med anløp på Sandøya, Finnøya og Steinshamn. Men før dette (1892) er Steinshamn/Harnes oppført som fast anløpsstad i ruteoversikta «Distanser i Romsdals amt». Dampskipskaia på Steinshamn vart plangodkjent i 1901 (Steinshamn-Pål).

#### **Men rutebåthistoria hadde lengre fartstid enn dette, følgjande damskipsselskap trafikkerte øyane i kommunen:**

- 1872: Molde Dampskipsselskap
- 1877: Søndmørske-Romsdalske Dampskipsselskap
- 1890: Romsdals Dampskipsselskap
- 1890: Søndmøre Dampskipsselskap
- 1890: Møre Skjærugaards Dampskipsselskap
- 1894: Nordre Søndmøre Dampskipsselskap

#### **Den første motoriserte rutebåtruta:**

- 1920: Møre Fylkes Ruteselskap

1952-1974: «Bolsøy» trafikkerte strekninga Molde-Utasunds i heile denne perioden.

### **Fergesamband:**

1963: Ålesund-Nordøyane

1967: Brattvåg – Nordøyane

1974: Småge – Finnøya – Sandøya - Ona

Frå 1931 – 1962 trafikkerte «Legona» strekninga Molde – Ålesund, med fleire stoppestadar i Sandøy kommune. Denne båtruta vart driven i privat regi. På Finnøya står den opprinnelege motoren til «Legona» utstilt i eit eige lokale ved småbåthamna. Den er renoverert og i god stand. Det var ildsjeler i småbåtlaget som tok initiativet til å kjøpe og overhale motoren, etter at den hadde hatt lengre opphald både i Tomrefjorden og Hareid. «Legona» var særst viktig for rutebåttrafikken mellom Molde og Ålesund i lengre tid, med fleire stoppestadar i kommunen vår.

I tillegg til desse passasjerrutene var det fleire aktørar som frakta slaktevarer og korn frå øyane og innover fjordane. I alle fall kjenner vi dette med utgangspunkt frå Myklebust hamn.

Første veg på Harøya: Frå Røsok til Huse og Harnes, med ei arm til Brunvoll. Byggeperiode 1869-1889. Sør for «Garden» på Steinshamn kan ein sjå ein gamal «Rodestein», som markere grensa for ei rode der ein hadde plikt til å vedlikehalde vegen. Folk på alle øyane hadde plikt til å vedlikehalde vegen på Harøya, også dei på Lyngværet som hadde vedlikehaldet på Steinsham.



*Rodestein mellom Røsok og Myklebust*

Telefonstasjonar: Det var fleire slike i kommunen. Dei første telefonstasjonane kom til Steinshamn, Finnøya, Sandøya og Ona i 1899. På Brunvoll/Morsundet var mindre telefonsentralar ofte plasserte i privathus, både «inni Bakkå» på «Haugen» og «Stranden» i tur og orden. Dette vart samla til ein felles sentral på Steinshamn (nabohuset til «Austre» heilt fram til midten av 1970-talet).

Postkontor: I «Torino»- huset på Steinshamn (arbeidarhus kalla etter Torina Huse), brent ned i 1932. Postopneriet på Ona vart opna i 1876

I tillegg til Ona og Flatflesa fyr, er/var det fleire fyrlykter i kommunen. T.d. fyrlykta på Marøya, oppsett i 1915, elektrisk straum i 1925 og sist endra i 1978.



*Vasstårnet på Sandøya*




*Vasstårnet på Steinshamn*

På kaia på Myklebust kan vi enda sjå det gamle pakkhuset; sentrum for transport av varer og menneske og ein «god prat». Drette er eit døme på korleis det var fleire stader i kommunen utover 1900-talet. Denne allmenningkaia vart opna i 1926.



*Pakkhuset på Myklebust*



*Frå kaia på Myklebust*

På Harøya vart ein forsynt med elektrisk straum frå Tafjord kraft i 1923, Finnøya i 1938, Sandøya i 1939 og Ona i 1950. Kommunen var tidlegare ute med å få straum enn nabokommunane Aukra og Midsund. På Steinshamn hadde I.P Huse allereie starta sitt dieseldrivne kraftverk i 1915. Fordi industrieigarane var framsynte og såg kor viktig det var for verksemdene å knyte seg til det elektriske straumnettet, var dei ulike bedriftene i kommunen tidleg i leiinga når det gjaldt å utvikle nyvinningar som kravde elektrisitet for å lette produksjonen.

Frå dei eldste tider var det båten som var det viktigaste framkomstmiddelet, og som knytte øyane saman, både seg i mellom og med omverda. Alle gamle kaier, og andre spor etter skipsfarten i kommunen, kan derfor vere viktige lokale kulturminne.

## 4. Immaterielle og andre kulturminne

### **Immaterielle kulturminne**

Handverkstradisjonar, språk og stadnamn er døme på immaterielle kulturminne.

*Kulturminne er meir enn bygningar, tufter og andre fysiske spor etter levd liv. Også munnlege tradisjonar og uttrykk, fortellingar, musikk mv. er kulturminne. Desse går under omgrepet «immaterielle kulturminne».*

Det er fleire bautaer og minnesteinar rundt om i kommunen. Felles for desse er at sjølv om dei i seg sjølv er handfaste minnemerke kan dei fortelje historier som går langt vidare enn det er plass til på sjølve steinen. Historiene og forteljingane er immaterielle, men sjølve minnesmerka er faste.



Store-Rasmus steinen - bauta oppsett på Myklebust i 1946.

Eldre minnestein over omkomne under 2. verdenskrigen-ved Harøy kyrkje  
Minnestøtte på Finnøya over dei to første rydningsmennene

På Finnøya er det to minnestøtter: Ei minnestøtte over dei to første Finnøybebuarane (rydningsmenne Nils Olsen Sandøy og Samuel Jensen Sandøy) plassert ved garden til Atle Viken, og ei nyare minnestøtte over gründeren Nils N. Finnøy.



### Ei usynleg grense

Om lag midt over Harøya går ei grense, i dag usynleg, men opp gjennom historia synleg på fleire vis. I 1658 opplevde ein storpolitisk hendingar som fekk konsekvensar heilt ut mot havgapet. Ein krig mellom kong Fredrik III sitt Danmark-Noreg og Sverige, leia av kong Karl X, enda opp i Roskildefreden. Danmark-Noreg gjekk tapande ut av konflikta og måtte avstå landområde som Bornholm, Skåne, Blekinge, Halland, Båhuslen og Trondheimslen, som igjen medførte at nørdeste delen av Harøya fall inn under Sverige, medan ei god skrittlengd over riksgrensa gjennom utmarka, førte deg over til Noreg. Svensketida varte i om lag 2 år, fram til og med 1659. Den same grenseoppgangen vart seinare nytta som kommunegrense fram til


1965, med Sandøy i nord, Haram i sør. Då endra kommunestrukturen seg, og plasserte grensa midtfjords mellom Fjørtofta og Harøya. Dette skiljet markerte også naboskapet mellom fogderia Romsdal og Sunnmøre, bispedøma Nidaros og Bjørgvin fram til 1983 – og Sunnmør- og Romsdalsdialekta.

**Stadnamn** kan også fortelje mykje: T.d. «Sjøvørshaugen» på Morsundet: Her sto fiskarane for å sjå om det vart betre sjøver framover slik at dei kunne ta ut på sjøen. Dei ulike stadnamna var gjerne knytt opp mot personar, overtru og gamle skikkar, kva som var vanleg å dyrke, særskilte hendinga og tilknytning til sjø og hav. I 1988 gjekk det føre seg ei innsamling av stadnamn i Sandøy kommune, med god hjelp frå Sandøy sogenemnd og dåverande kultursekretær, Anne Huse. Ein kopi av det innsamla materialet er oppbevart på Sandøy Bibliotek.

Eit lite utdrag der nokre av namna er sjølvforklarande:

- «Hotelltomta» - Ona
- «Indianarbyen» - Ona
- «Flåberja» - Finnøya
- «Kvilarseteinen» - Harnes
- «Losdalen» - Røsok
- «Losstuen» - Ona
- «Saupinå» - Uksnøya
- «Kyrkjevegshaugen»- Brunvoll/Morsundet
- «Kle-håå» - Finnøya
- «Friarhaugen» - Brunvoll
- «Engelskflua» - Uksnøya
- «Dengar-hola» - Myklebust
- «Vortehola» - Myklebust
- «Løkåkeren» - Myklebust
- «Svenskeveitå» - Huse
- «Guanoskjeret» -Finnøya

Det er fleire sagn som vert omtala mellom folk i dei ulike grendene og på øyane i kommunen. Ei av dei mest kjende er «Bruse-sagnet» frå Håværet ved Sandøya. Kjempa Bruse, ein illgjerningsmann i førhistorisk tid, seiast å ha gøymd seg der, i ei stor hole på utsida av Håværet. Ved utgravinga av ny gravplass på Sandøya i 1810 vart det funne to store steinar, som til saman utgjorde ein svær hein. Det vart da sagt at det var Bruse som var gravlagd her, på utsida av innvigd jord. Henrik Ibsen meinte å hevde at dette sagnet skreiv seg frå år 1097. Det knyter seg også sagn til fleire andre bergholer i kommunen, mellom anna på Myklebust og Røsok.



*Gaasøy Pål*



*Plassert på torgplassen nye Sandøytunet.*

## **1867**

Etter fleire år med stadig meir høglydt ønske frå stadig fleire sandøyværingar om å kunne skikke sitt eige bo, rive seg laus frå Aukra herad, bygge og utvikle ei sjølvstendig kommune, tok Paal Gåsøy vandrestaven i eiga hand. Han pakka ryggsekken og la på veg til fots til kong Karl den femtande i Stockholm, for å be om å få verifisert ei frådelling. Om det var fordi kongen vart spesielt imponert over pågangsmotet som gjorde utslaget, skal vere unemnt. Paal Gåsøy kom i alle høve stolt heimatt med signert dokument. I april 1867 vart det første kommunestyremøte i Sandøy kommune gjennomført. Som takk for innsatsen, men og på grunn av kvalifikasjonane, vart Gåsøy-Paal valt til ordførar, den første i vår kommunehistorie.

## **2. verdenskrigen 1940-45**

Det er ikkje mykje som er synleg frå denne perioden i dag, men spor fins. Restar etter «Peileapparatet», eit bunkersområde frå krigen, kan ein framleis sjå på Leighaugane, eit høgdedrag mellom Sevika og Selvika. Arbeidet med denne radaren vart starta i 1942, og på det meste var det forlagt om lag 100 tyske soldatar i brakker på Storhaugberget og Leighaugane. I Morsundet, på «Varhaugen», sto det eit «narreapparat». Dette var meint for dei allierte flya på bombetokt, slik at det kunne ta merksemda bort frå dei eigentlege peileapparatet på Steinshamn/Harnes. Dette var bygd av tre, men berre få restar står att no. Også på Husøya vart det etablert ein lytte- og utkikspost. Eit vaktlag på 7-8 tyskarar heldt til her.


I Klenstraumen på Håværet ved Sandøya veit folk endå kvar den engelske torpedobåten MTB 715 låg ankra og kamuflert, der den venta på ein tysk konvoi som skulle gå gjennom Saltsteinsleia.

Den lokale fiskeflåten opplevde eit dramatisk angrep frå tyske fly den 12. mai 1942. Ein av båtane som vart angripen var MK «Koralen», og ein mann frå Harøya vart drepen her. Også på Ona omkom ein lokal mann, dette skjedde under ei minesprenging på Ona 7. oktober 1942.

Brødrene Sæbjørnsen fekk beslaglagt dei havgåande kvalbåtane sine ved krigsutbrotet, men kunne likevel halde drifta i gang gjennom krigsåra ved hjelp av mottak av kval utført av vanlege fiskebåtar. Ved sildoljefabrikken til IP Huse var det nesten tilnærma stans i produksjonen på grunn av råstoffmangelen desse åra. Det motsette var tilfelle med bedrifta «Harøy Preservering A/S»; Brødrene Brunvoll kjøpte dei gamle maskinene frå Sæbjørnsens Hermetikkfabrikk (1. verdskrigen 1914-1918), og opp mot 20 personar arbeidde der i høgsesongen. Bedrifta vart avvikla i 1945.

## 2020

Sandøy kommune opphøyrer å eksistere som eigen kommune. Ona-Husøya, Sandøya, Finnøya og Harøya vert ein del av Ålesund kommune, medan Orten, Flatflesa og Lyngværet vert ein del av Aukra kommune. Som eit døme på dette oppstår nye kulturminne:



*Kommunevåpenet for Sandøy, godkjend i 1986*



*Ordførarkjede Sandøy kommune. Steinar frå rullesteinsfjører i kommunen, utført av steinslipar Hilmar Morsund frå Harøya. Innsett med kvaltann frå ein spermasettkval frå kvalstasjonen på Steinshamn.*

## Nyare kulturminne

Kulturminne er ikkje berre «gamle bygningar og gjenstandar». Eit kulturminne kan vere av nyare dato, spesielt om det knyter seg ei spesiell historie eller eit spesielt innhald til objektet.

Døme på dette kan vere: Rett etter krigen vart det bygd mange privathus i kommunen, mange av dei av materiale frå gamle tyskerbrakker på Aukra. Spesielt kan vi sjå dette i dag på Steinshamn, på vest- og austsida av hovudvegen ned mot «Garden» er desse konsentrert i ei «byliknande» klynge. Eit anna døma er det gamle rådhuset/kommunehuset på Steinshamn, arkitektheikna tenestehus frå 1970-talet. Bygget vart tatt ut av bruk i 2019, da det nye «Sandøytunet» stod ferdig. Ved vurderingar av framtidig utvikling av tomta må ulike interesser avvegast. Dette vil også gjelde andre kulturminner.



## 5. Kulturminne/kulturmiljø–aktuelle kulturminne

Eit kulturmiljø er eit område der kulturminne inngår som del av ein større heilskap eller samanheng. Naturelement med kulturhistorisk verdi kan vere ein del av eit kulturmiljø.

Nordøyane ligg i ei yttergrense mot storhavet, i den sjøverts og forkava trafikkerte ferdselsåra mellom jugendbyen Ålesund og rose- og jazzbyen Molde. Lengst nord i denne øyrekka ligg Sandøy kommune med sine 872 øyar, holmar og skjer. Det er fem fråflytta øyar, Seterøya, Gåsøya, Marøya, Uksnøya og Lyngværet. Lyngværet og Orten går til Aukra kommune i 2020 og er ikkje teke med i denne rapporten.

Kulturminna og kulturmiljøa i denne oversikta er vald ut frå følgjande kjelder:

- Kulturminne og miljø oppført i *Regional delplan for kulturminne av regional og nasjonal verdi*, utarbeida av Møre og Romsdal fylkeskommune
- Automatisk freda kulturminne frå Riksantikvaren si offisielle database
- Vedtaksfreda og listeførde kulturminne
- Innspel frå innbyggjarar på folkemøte, ulike henvendingar til kommunen

*Kulturmiljø* kan ein finne i heile kommunen, t.d. typiske hamnemiljø som på Røsok, eller restar etter gardstun/klyngetun på Sandøya eller Husøya. I desse ulike kulturmiljøa kan ein finne utvalde *Kulturminne*. I dette kapitlet inngår både kulturminne og kulturmiljø, fordelt geografisk.

### 6.1 Ona – Husøya



*Bebyggelse Ona sett frå Onakalven*

Namnet Ona har vore skrive på fleire måtar opp gjennom historia: «Oen», «Offuen», «Onen», «Ounen», «Ohnen», «Onøe». Øynamnet «Ona» kjem frå gamalnorsk «on», som tyder «von»håp». Namnet Husøya er sjølvforklarande.

På Ona har det neppe vore busetnad frå steinalderen av, men på Husøya er det busetnadsspor frå bronse og jernalder; tre gravrøyser er påvist på Porkneset frå

desse periodane. Det er også registrert steinringar ved Ramnbjøra. Årsaka til dette er at Husøya nok var eit betre utgangspunkt for både jakt, fiske og seinare jordbruk og husdyrhald enn Ona med trang plass og lite eigna jordsmonn. Gardbrukarane på Husøya vart sjølvveigne i 1780.

Første gong Ona er nemnd i skriftlege kjelder er i tiendeskattmanntalet frå 1520, men det er grunn til å tru at fiskeværet Ona kan ha vore i bruk heilt frå 300-talet, mellom anna er det funne baksteheller som kan stadfeste busetnad. Fast busetnad er sannsynleg frå 11-1200-talet, sjølv om det ikkje er arkeologiske eller skriftlege kjelder som kan støtte opp om dette. Fiskeværet Ona var i kongeleg eige fram til 1728, då skifta desse over til privat eigarskap. I 1903 fekk strandsitjarane på Ona fridom ved at fiskeværet vart kjøpt fri.

Det er høgst sannsynleg at Husøyleira var ei god skipshamn alt frå vikingtida, her finn ein namnet «Busshamna», avleia frå det norrøne «bússa» som tyder skip.

Både Ona fiskevær og Husøygarden er registrert som verneverdig trehusbebyggelse hos Riksantikvaren.

Namn	Alder	Verdi	Status
<b>Ona fyr- med fyrboligen og bifyr</b> Fyrstasjon – losstasjon. Kystkulturminne.	1867	Nasjonal	Vedtaksfreda Id 87276
<b>Ona Kyrkjestad</b> Høgst sannsynleg ei opprinneleg stavkyrkje på staden.	Mellomalder	Nasjonal	Automatisk freda
<b>Mannen</b> Bautastein. Religion-offerstein.	Oldtid, fjerna i 1892.	Regional	Vernetypen uavklart. Id 150536-1
<b>Ona fiskevær</b> Kystkulturminne. Fiskevær-kulturmiljø Eldste, kjente hus frå 1725.	Mellomalder	Regional	Regulert til bevaring.
<b>Husøygarden</b> Fiskevær med gardstun. Pegarden og Andersgarden. Kystkulturminne. Trehus- miljø.	Uviss	Regional	Vedtaksfredald 227054.1
<b>Steffågarden</b> Godt bevart våningshus og skjå. Del av Romsdalsmuseet. «Steffågardenens venner».	1793	Regional	Vedtaksfredald 226852-1
<b>St. Olavskåpet</b> Hole i bergvegg. Ikkje kjent tilknytning til sagn om Heilag-Olav, men låg langs ei av pilegrimsleiene til Nidaros.	Mellomalder	Regional	Vedtaksfreda Id 127986-1
<b>Stormly</b> Forsamlingshus. Restaurert i nyare tid, men framleis bevarte delar frå 1913.	1913	Lokal	
<b>Salsfyret</b> Fyrlykt på Salsryggen		Lokal	
<b>Gravplassen</b> Gravplass på Husøya med rullesteinsmurar.	1923	Lokal	
<b>Okomma</b>	Mellomalder	Lokal	

Vassoppkomme, muleg st. Olav-kjelde.			
<b>Busshamna</b> Husøyleira, gamal skipstø-båthamn.	Vikingtid	Lokal	
<b>Korshaugen</b> Husøya, her stod opprinneleg eit kors. Uviss funksjon.	Mellomalder	Lokal	
<b>Rorbumuljø</b> Husøya, berre tufter står att på holmane, Salen og Lauvneset. «Bjørnerembua» flytta til Fiskerimuseet på Hjertøya.	1700-talet og fram mot 1930- talet.	Lokal	
<b>Gamleskulen</b> Husøya. Det første skulebygget vart reist i 1887 på Stølen, det nye bygget ved «folkebadet» ved Heia og Ramnbjøra.	1938	Lokal	
<b>Fotballbana</b> Husøya, ikkje i brukbar stand no.	1951	Lokal	
<b>Gamlebrua</b> Første bru mellom Ona og Husøya. Smal gangbru av stein øydelagt av stormflo i 1901. Restaurert og ombygd i 1903, 1913 og 1925. Heilt ny bilbru i 1955.	1894	Lokal	
<b>Rodestein</b> Grensestein for vedlikehald, ved gamlebrua.	1952	Lokal	
<b>Kabelskjeret</b> Husøya. Staden der den første telefonkabelen vart trekt i land.	1903	Lokal	
<b>Røssholmen</b> Spor etter eldre busetnad	Mellomalder – fram til 1757	Lokal	



Fjøs under restaurering Husøya – Andersgardsløa



Gamlebrua mellom Ona og Husøya

## 6.2 Sandøya

Med sine særmerkte sandstrender vart namnet på øya sjølvskrive. Og dette namnet vart også seinare namnet på heile den nye kommunen i 1867, og kommunesenteret vart lagt hit. I siste halvdel av 1800-talet var det på Sandøya ein fann det mest aktive lokalsamfunnet i kommunen.

Namn	Alder	Verdi	Status
<b><u>Sandøy kyrkje, med gravstad</u></b> Kyrkehistorisk minne. Åttekanta trekyrkje.	1812	Nasjonal	Verna kyrkje. ID 85397-3
<b><u>Sandøy kyrkjestad</u></b> Kyrkehistorisk minne. Plassen der kyrkja stod før reformasjonen.	Mellomalder	Nasjonal	Automatisk freda
<b><u>Prestestauå (stova)</u></b> Kyrkehistorisk minne. Sjeldan kulturminne, ei av fire bevarte prestestover i fylket.	1827 (uviss)	Regional	Vedtaksfreda. Id 227100-1
<b><u>Gamleskulen</u></b> Eldre skulebygning	1890	Lokal	
<b><u>Kringsjå</u></b> Forsamlingshus	1925	Lokal	
<b><u>Brusehola</u></b> Hole i bergvegg på Håholmen, knytt til sagnet om kjempa Bruse.	Uviss	Lokal	
<b><u>Vakthytte</u></b> Står ved forsamlingshuset no.	2. verdskrig	Lokal	
<b><u>Vasstårnet</u></b>		Lokal	
<b><u>Altertavle</u></b> Målt av «Tavle Jakob». Naustet der han budde står også framleis.	1818	Lokal	
<b><u>Varden</u></b> Der ein tende bål for å varsle naboøyane om at «presten var komen».	Uviss	Lokal	
<b><u>Kaihuset-Gamlebryggå-Dampskipskaia-Hamnevågen</u></b> Hamnemiljø Sandøy hamn	Frå 1800-talet og utover	Lokal	
<b><u>Bauta ved kyrkja</u></b> Minne om omkomne på sjøen, m.a. «Norrønaforliset» i 1925	1973	Lokal	
<b><u>Minnestein ved kyrkja</u></b> Minnestein over omkomne (bergingsmenn) frå «Sigrid forliset» i 1888. Ankringsplassen til «Sigrid» er påvist.			
<b><u>Garden</u></b> Klyngetun		Lokal	
<b><u>Påskehella</u></b> Står i dag på Fiskerimuseet på Hjertøya. Døme på lokal byggeskikk på Romsdalskysten.		Lokal	
<b><u>Neset</u></b> Telefonstolpe for kabel over til Lyngværet og vidare innover Aukra og Molde.	1899	Lokal	



Sandøya hamnemiljø

### 6.3 Finnøya

Namnet på øya skriv seg truleg frå gamalnorsk *fen* eller *fin*, som tyder myr. Opprinneleg låg det ei myr her som sandøyingane brukte til å spa ut brenntorv.

Dei første rydningsmennene var Nils Olsson og Samuel Jensen frå Sandøya som gjorde seg bufaste på Finnøya i oktober 1864.


Namn	Alder	Verdi	Status
<b><u>Finnøy motorfabrikk</u></b> «Vogga» til den mekaniske/maritime industrien i fylket.	1902	Nasjonal	Vedtaksfreda. Id 227142-1
<b><u>Gamlebutikken</u></b> Samling utført av Classic Norway- Finnøy Havsuer		Lokal	
<b><u>Vinnehuset</u></b> Bygning innlemma i Finnøy Havstuer. Sjøbod der ein kunne heise opp fangst og utstyr.		Lokal	
<b><u>Legonamotoren</u></b> Den opprinnelege motoren til kystrutebåten, ein original «Finnøymotor». «Legonamotoren» står utstilt ved Finnøy småbåthamn.		Lokal	
<b><u>Støyperiet</u></b> Først jærnstøyper, seinare (1914) metallstøyper. Tuftene står att. Lagt ned fordi "det ikkje var husrom på øya for alt arbeidsfolket som trongst".	1910	Lokal	
<b><u>Minnestøtte 1</u></b> Støtte over dei to første rydningsmennene på Finnøya: Nils Olsen Sandøy og Samuel Jensen Sandøy		Lokal	
<b><u>Minnestøtte 2</u></b> Minnestøtte over gründeren Nils N. Finnøy		Lokal	



*Støyperiet på Finnøya 1911-1918.*



*Finnøya, arnestaden for den maritime industrien i regionen. Finnøy motorfabrikk*



*Finnøymotoren, 1902*



*Murbygninga ved gamleverkstaden på Finnøya, der elektromotoren som drog reimverket sto, i tillegg til ein semidieselmotor og generator til bruk når straumen var borte.*



## 6.4 Seterøya (Sæterøya) – Gåsøya

Seterøya har namnet sitt frå den tida folket på Sandøya brukte øya til beiteområde. Øya heitte opprinneleg «Porkå», men den første strandsitjaren meinte at namnet kom til å hefte ved etterkomarane som da sto i fare for å verte kalla «Pork-ongane».

Den første faste busettinga på Gåsøya skjedde på om lag same tida som på Finnøya, frå omkring 1859. Det var opprinneleg to bruk på øya. På Seterøya vart det busetting frå 1865, men det er ikkje registrert oldtidsminne på nokon av desse øyane. Seterøya og Gåsøya er ikkje registrert som kulturminne hos Riksantikvaren, men fordi begge desse øyane har hatt ein busettingstradisjon i kommunen, til trass for sine heilt særskilte, geografiske tilhøve, vert dei sett opp som kulturminne med lokal verdi.

Namn	Alder	Verdi	Status
<b>Seterøya</b> Spor etter gamal busetting	1859 - 1976	Lokal	
<b>Gåsøya</b> Spor etter gamal busetting	1858	Lokal	



Frå Seterøya



## 6.5 Harøya

Namnet Harøya er mest sannsynleg avleia av det svenske ordet *har* – steingrunn, og det norrøne ordet *horg* – berghammar. Her er kjent busetnad allereie frå steinalderen. Harøya har fleire grender, og dei registrerte kulturminna er derfor plassert grendevis.

## 6.5.1 Myklebust - Uksnøya



Hamnemiljøet på Myklebust

(Myklebust – av «Mikil bustadr» - Stor bustad) (Uksnøya – mest sannsynleg frå «Ykse»/«Ukse» - Okse)

Myklebust var lenge for eit «eige land» å rekne, i motsetnad til resten av kommunen hørde grenda til Haram kommune, heilt fram til 1965. Fram til da hadde Myklebustbuarane nærare kontakt sørover mot Sunnmøre enn nordover på si eiga øy. Nokon av dei eldste oldtidsminna er funne på Myklebust, noko som vitnar om fast busetjing her heilt frå steinalderen av.

Namn	Alder	Verdi	Status
<b><u>Kvitesteinen</u></b> Heilag stein, rituell-kultisk lokalitet. Offerstein?	Jarnalder	Nasjonal	Automatisk freda. Id 226823-1.
<b><u>Uksnøya</u></b> Einaste gardstun på ei øy/holme ute i havet, kulturmiljø. M.a. eit «Schmidt-hus». Gamledelen i Sørigarden frå 1600-talet, eldste bygning som framleis står på sin opprinnelege plass.	Nemnd i kongesagaer alt i 1206. Fråflytta i 1958.	Regional	
<b><u>Riksgrensa</u></b> Unikt kulturminne. Skaret på Myklebust. Grenseline mellom Norge og Sverige i åra 1658-60.	1658-60	Regional	
<b><u>Store-Rasmus steinen</u></b> Bauta over bondehøvdingen Store-Rasmus (Rasmus Ingebrigtsson Myklebust) 1588-1665.	1946	Lokal	
<b><u>Rodestein</u></b> Ved vegen vest for Ytrebøen. Rodegrense for vedlikehald av veg, tidleg på 1900-talet	Århundreskiftet 18/1900-talet	Lokal	
<b><u>Kvernhus</u></b> Lille Kvalnes. Tufter etter kvernhus.		Lokal	
<b><u>Steingard og stor gjerdestein</u></b> Ved Ytrebøen.		Lokal	
<b><u>Steinblink</u></b> Ved Hørvedalen/Yrvedalen.	Tidleg 1900-tal.	Lokal	
<b><u>Myklebust stadion</u></b> Nedlagt stadion i Hørvedalen.	1956	Lokal	
<b><u>Gardsjøen</u></b>		Lokal	



Sjøvegen frå Haugen og Gamlestaua. Gamal stad for naust og sjøboder.			
<b><u>Jentelemmen/Gutalemmen</u></b> Ovanfor Haugen. Møteplass, spesielt på søndagar.		Lokal	
<b><u>Perleura</u></b> Ovanfor Haugen. Ei hole i ura, eit sagn.		Lokal	
<b><u>Stabbur 1</u></b> Gamlestaua. Gamle kle og gjenstandar i privat eige.		Lokal	
<b><u>Stabbur 2</u></b> Nystaua. Matstabbur i privat eige.		Lokal	
<b><u>Stabbur 3</u></b> Pederremma. Samling av gamle gjenstandar, privat eige.		Lokal	
<b><u>Kvernhuselva</u></b> Breidalen-Brunneset. Kvernhusa var plassert i Brunneset.		Lokal	
<b><u>Demma</u></b> Oppsamling av vatn frå Kvernhuselva.		Lokal	
<b><u>Pakkhuset på gamlekaia</u></b> Lagerhus og møteplass for rutebåten. Allmenningkai.		Lokal	
<b><u>Myklebust hamn</u></b> Tufter og gamle naust. Her finn ein også «handelslaget» som no er tatt over av småbåtforeninga.	Frå om lag 1900	Lokal	
<b><u>Gamleposten</u></b> Demma. Hus i privat eige.		Lokal	
<b><u>Purkebolet</u></b> Stor hole ved fjellfoten ved gamleskulen.		Lokal	
<b><u>Solwang</u></b> Forsamlings/ungdoms/grenda-hus.	1930-talet	Lokal	
<b><u>Plantegjerdet</u></b> Fjellfoten nord for Fjelltun. Steingard-innhengning.		Lokal	
<b><u>Myklebust gravplass med klokketårn</u></b> Lokal gravplass for Myklebust	Ca 1950	Lokal	
<b><u>Orevollshaugen</u></b> Aust for Breidalen. Skytebane og sagn.		Lokal	
<b><u>Oppmura skytemål 100m, 200m, osv.</u></b>		Lokal	
<b><u>Torvvegen</u></b> Myklebustmyrane. Spor etter svært mange tovuttak.		Lokal	
<b><u>Fem gamle gardsvegar</u></b> Frå Øvsteremma til sjøen. Gamlestaua, Risbakken, Solbakken, Jobakken og Jensbakken.		Lokal	
<b><u>Tørkeplassar for klippfisk</u></b> Vest og aust for fergekaia.		Lokal	
<b><u>To store kampesteinar</u></b> Pedalen og Hørvedalen		Lokal	
<b><u>Hagardsveite</u></b>		Lokal	

Mellom Myklebust og Brunvoll. Kan sjåast i myra ved Bjergane.			
---	--	--	--



Våningshus på Myklebust



Stabburet på «Pederremma», Myklebust

### 6.5.2 Røsok - Breivika

(Namnet Røsok har vore skiftande: 1520: «Rosaghe», i 1550 «Ruzacher» og i 1750 «Røsok». Namnet kjem truleg av rudsåker eller nybrot, *rydningsåker*. Namnet Breivika er sjølvforklarande).

På Røsok finn ein eit av dei beste døma i kommunen på kva eit privat initiativ, og idealisme, kan føre til: Røsokvika. På Røsok var det ved utskiftinga 5 gardar i klyngetunet; «Arnegarden», «Ivergarden», «Knutgarden», «Olagarden» og «Rasmusgarden». Ved utskiftinga i 1864 vart gardane flytta ut slik dei står i dag. Gamlestova i Olagarden er frå før utskiftinga. Eldhuset i Rasmusgarden vart ikkje flytta ved utskiftinga, og vart truleg restaurert i 1872. I samband med kulturminneåret i 1997 vart eldhuset valt til Sandøy kommune sitt kulturminne, og etter det restaurert på nytt. Gardane på Røsok hadde eigne kvernhus til å male kornet. Vatnet frå mølledrifta vart oppdemt i Røsokdemma. Kvernhusa låg på innsida av Katthammaren. Til drivkraft for tresking av kornet vart det nytta både vind, vatn og hestetrakk.

Røsokvika er i dag eit levande døme på kystkulturen, og korleis fiskarbonden organiserte seg med sjøbuer og naust.

Innover stranda frå Breivika mot Morsundet er det registrert funn av oldtidsminne, m.a. 7 gravrøyser og ei langskipsstø. Ein kan også finne restar etter transport av brenntorv frå myrane og ned til fjøra i form av spor etter jarnbaneskiner.

Namn	Alder	Verdi	Status
<b>Røsokvågen/vika</b> Kystkulturminne, naust og sjøbumiljø. Gamle åttringnaust og tufter. Med m.a. «Trerøringen», «Fabrikken», Delfinbuda» og tre «Åttringnaust». (Sjå eige hefte)		Regional	
<b>Torvfabrikk</b>		Regional	

Brevika. Minne frå industriverksemd basert på torvuttak i myr.			
<b>Riksgrensa</b> Sjå oversikt/tabell for Myklebust	1658-60	Regional	
<b>Steingard</b> Tjuvholmen-Gjektestøa. Skilje mellom innmark og utmark		Lokal	
<b>Kvernhus</b> Katthammaren. Tufter etter kvernhus.		Lokal	
<b>Minnestein</b> Tunet i Olagarden. Minne etter losar?	Uviss	Lokal	
<b>Olagarden-gamledelen</b> Gamledelen flytta etter utskiftinga i 1864		Lokal	
<b>Rasmusgarden</b> Opprinneleg klyngetun, husa flytta etter utskiftinga i 1864		Lokal	
<b>Oppankringsmerke</b> <b>Lorteposen og Støholmen.</b> Boltar og runde svart/kvite merker		Lokal	
<b>Gamleskulen</b> Brevika. I privat eige		Lokal	
<b>Nausttufter</b> Nordneset, nedanfor Myrabakken		Lokal	
<b>Oppsamlingsveite for vatn</b> Harøyburet til Remma. Vatn til maling av korn		Lokal	
<b>Namnehola</b> Ved fjellfoten nord for fjellet. Stor hole med overheng		Lokal	
<b>Perura</b> Ved fjellfoten nord for fjellet. Lita hole med overheng, tilknytt eit sagn		Lokal	



Naustmiljø Røsoke

### 6.5.3. Morsundet – Marøya – Brunvoll

Namnet Morsundet og Marøya skriv seg mest truleg frå det latinske ordet *Mare* – hav. På Marøya, meir ein holme enn ei øy, budde det folk heilt fram til 1960-talet. Dei var avhengige av båt for å kome seg inn til «fastlandet». Ofte kan ein høyre om «gnisningar» grender og folk i mellom, men mellom folket i desse tre grendene veit ein ikkje om ufred av alvorleg art.

Namn	Alder	Verdi	Status
<b>«Peileapparat»</b> Varhaugen i Morsundet. «Narreapparat» sett opp av tyskarane for å avleie merksemda frå det eigentlege peileapparatet på Steinshamn.	2. verdenskrig	Lokal	
<b>Sjøbuer</b> 5-6 sjøbuer i området, berre to att i dag. Marøya, Uksnøyholmene, Risholmen og Kapplaupen	Seint 1800-tidleg 1900-tal	Lokal	
<b>Brenneriet</b> Klomra i Morsundet, trandamperi	Tidleg 1900-tal	Lokal	
<b>Sjøværshaugen</b> Morsundet. Her finn ein «kikkertsteinen» der fiskarane vurdere om vêret var godt nok for å ta ut på fiske		Lokal	
<b>Fyrlykt</b> Fyrlykt på Marøya. Elektrifisert i 1927.	1915	Lokal	
<b>Marøya</b> Morsundet. Særskilt kystkulturmiljø, busetnad på ei lita øy utan vegar og tilkomst til resten av Harøya berre med båt		Lokal	



Marøya

#### 6.5.4 Nordheim – Huse

På Nordheim er det registrert fleire oldtidsminne, her har det vore busetnad i lange tider. På Huse var dei fleire gardar og gardstun, med Husegarden som eit viktig midtpunkt for liv og virke.

Namn	Alder	Verdi	Status
<b>Harøy kyrkje, med gravstad</b> Gravplassen inneheld spesielle familiegravstadar, minnebautaer og «den ukjende soldats grav».	1934	Nasjonal	Listeførd kyrkje, automatisk freda. Id 84487-2
<b>Harøy gamle kyrkjestad</b> Kyrkjebakken («Harbakken») på Huse	Mellomalder	Nasjonal	Automatisk freda, id 215127
<b>Harøyhytta</b> Nordheim. Myrpinningar og hytteliknande konstruksjon, brukt til jakt.	Førreformatorisk	Regional	Freda, id 159126
<b>Preikestol og døypefont i Harøy kyrkje</b> Utførd av Nils Olav Øiehaug	1934	Lokal	
<b>Altertavle i Harøy kyrkje</b> Utførd av Dagfinn Werenskiold. Spesiell historie med lokale fiskarar som modell for måleriet.	1934	Lokal	
<b>Leikefabrikken på Nordheim</b> Etablert av Nils og Olav Øiehaug, først trevarefabrikk seinare m.a landets største produsent av penalarhus.	1930	Lokal	
<b>Husegarden-gamlehuset</b> Husefjæra, Erik Amundsen Huse, døme på lokal byggeskikk og våningshus.	1800-talet	Lokal	



*Husegarden i Husefjæra*

#### 6.5.5 Steinshamn – Harnes

Det er registrert oldtidsminne her også, spesielt i området rundt Måsvikremma. Steinshamn vart likevel ikkje eit sentrum i kommunen før Steinshamn-Pål starta dei ulike verksemdene sine seint på 1800-talet.

Namn	Alder	Verdi	Status
<b><u>Kvalstasjonen-Hybelhuset «Kvalheim» og mur-fundament frå sildekummane</u></b> Sjeldan kulturminne, ein av to kvalstasjonar i fylket. Einaste attstående bygning; Hybelhuset. Resten rive omkring 2000, med unntak av murfundament frå sildekummane til Brdr. Sæbjørnsen frå 1960-talet.	1947	Regional	Regional verneverdig. Id. 227172. Ein slik status gjer at bygg/område kan definerast som verneverdig etter plan- og bygningslova <sup>1</sup>
<b><u>«Andreasbua»</u></b> Bygning på kvalstasjonsområdet, ved Kvalheim. Tyskerbrakke frå Aukra som Andreas Sæbjørnsen ville bruke til pølseproduksjon, muleg også hermetikkk. Brukt av Harøy Dykkerklubb på 1970-80-talet. <sup>1</sup>	1946	Lokal	
<b><u>Peileapparatet</u></b> Kalla Peileapparat på folkemunne –eigentleg radarstasjon og bunkersområde på Leighaugane-Storaberget, Steinshamn/Harnes. Restar står att.	2. verdskrigen	Lokal	
<b><u>«Austre»</u></b> Også kalla «Yngresheimen» og «Havgula» i seinare tid. Gnr 7 Bnr 11. handelslag, ungdomslag og kunstlag.	1920-åra (tinglyst tomtefrådeling i 1922)	Lokal	<sup>2</sup>
<b><u>Vasstårnet og vasskummane</u></b> Aurhola -Måsvikremma. Etablert av kvalstasjonen for å lette vasstilgangen til drifta.	2. verdskrigen	Lokal	
<b><u>«Garden»</u></b> Utgangspunktet for Huse-familien sine ulike verksemder på Steinshamn. No restaurert av Inge og Una Huse, privat museumssamling.	Slutten av 1800-talet	Lokal	
<b><u>Rodestein</u></b> Står sør for «Garden» på Steinshamn. Markerte vedlikehaldsgrense for vegen. Det var folk frå Lyngværet som hadde vedlikehaldsplikt her	Slutten av 1800-talet	Lokal	
<b><u>Storneshuset</u></b>	1950-talet	Lokal	

<sup>1</sup> I høve ny reguleringsplan for området skal det gjerast ei vurdering av om Kvalheim har ein byggtknisk stand som gjer det muleg med gjenbruk og bevaring, før det eventuelt kan gjevast bygge- oeller rivingsløyve i området BKB1. Dersom bygget er i for dårleg stand til gjenbruk/bevaring skal det vurderast om det er andre element i eller rundt bygget som kan ivareta historia til området. Det er bestilt tilstandsvurdering av bygget Fylkeskonservatoren: «Vi vil sterkt oppmode om at en ser nærmere på den konkrete arealbruken og ptøver å finne løsninger som både sikrer Kvalheim og **andre bygninger** i området»

<sup>2</sup> Det er regulert for veg/kryss der bygget står

Utypisk «by-bygning» på Steinshamn. Brukt til forskjellige forretningsverksemder, no leiligheiter.			
<b><u>Naustmiljø Steinshamn hamn</u></b>		Lokal	Opprinneleg naustmiljø, eitt SEFRAK-registrert naust



"Garden" - utgangspunktet for Husefamilien sine verksemder på Steinshamn  
 "Austre/Yngresheimen" på Steinshamn, eit hus med rik historie



"Storneshuset" på Steinshamn  
 Fasade, Sildekummane til Kvalstasjonen på Steinshamn



*"Kvalheim" på Steinshamn slik det står i 2019*



*Kvalharpun, Steinshamn*

*Modell av kvalstasjonen, i dag er den "attgløymd" på loftet på Kvalheim*

## 6. Museum og private samlingar

### 6.1 Romsdalsmuseet




*Steffogarden Husøya*

Det er Romsdalsmuseet i Molde som har ansvaret for innsamla reiskapar, båtar og bygningar frå Sandøy kommune. Fiskerimuseet på Hjertøya har eldre bygningar ståande frå kommunen, her finn ein både sjøhus, rorbu, bustadhus med stabbur, saltesjå og utedo. Kommunestyret i Sandøy gjorde vedtak i 2019 om å halde fram



samarbeidet med Romsdalsmuseet sjølv om kommunen no inngår i Ålesund kommune.



"Påskehella" frå Sandøya. Gitt som gåve frå Peder Sandøy til Romsdalsmuseet i 1974. Står no på Hjertøya.

## 6.2 Private samlingar

Sandøy kommune har ikkje eige museum i kommunen. Men takka vere private samlarar, er mykje tatt vare på frå gamle tider.

Det er vanskeleg å gi ei fullstendig oversikt, men noko av dette vert registrert her:

- FOTOSAMLING – over 1000 digitaliserte fotografi, registrert og systematisert av Svein Sæbjørnsen. Mykje frå industriverksemda på Steinshamn. Unik samling.
- «Garden» - privat samling i Garden – Una og Inge Huse. Frå den første tida då Steinshamn vart eit viktig handel- og industriområde og framover.
- «Torodd-bua» - privat samling gjort av Torodd Huse i den gamle Hermetikkfabrikken på Steinshamn/Kravika.
- Kvalfangarhistorie, samla av Martin Strand på Steinshamn. Mykje av dette er no i Hvalfangermuseet i Sandefjord.
- Finnøy Gear- og propeller: Samling frå den første tida til Finnøy Motorfabrikk, i regi av den noverande bedrifta ved Nils Erling Finnøy.
- Finnøy Havstuer: «Gamlebutikken». Eldre butikkvarer og autentisk krumbumiljø.
- Stabburet på Pederremma på Myklebust: Gamle jordbruksgjenstandar og anna som høyrde garden til. M.a. finn vi det opprinnelege skrivebordet som kan ha tilhøyrt Pål Gåsøy her. Samla av Torfinn og Idar Viken.
- Naustet til Kai Peter i Måsvikremma, her er det samla mange, gamle maritime gjenstandar.
- Naustet til Ansgar Harnes i Steinshamn småbåthamn: Samling av maritime gjenstandar.
- Båtmotorsamlinga til Nils Røsok i Røsokvika.
- Bergane («Bergan») gard, samling frå gardslivet gjort av Olav Eldar Sæbjørnsen
- I samband med arbeidet «Busetnadssoge for Sandøy» har Anne Huse samla inn og registrert ei mengde informasjon om folk og slekter i kommunen.
- Filmsamlinga til Tore Naas
- FOTOSAMLINGA til Frank Naas
- Offentleg samling: Sandøy kommune si fotosamling



*Nils Røsok har ei einestående samling av båtmotorar.*



*Naustmiljø, Steinshamn, Toroddbua til høgre.*

## 7. Utkast til handlingsplan

Kulturminnene vi har teke med i planen er ikkje uttømmmande. Dette er utkast til plan.

Vi har tatt med kulturminna som er registrert i Askeladden og SEFRAK. Vi har ikkje gjort noko ytterlegare vurderingar her. Vi har primært hatt fokus på, og prioritert, å skape et kunnskapsgrunnlag og gi ei oversikt over aktuelle kulturminne i kommunen.

Når planen er endeleg, vil kulturminne som er med kunne prioriterast. I det vidare arbeidet med kulturminneplanen kan nye kulturminne inkluderast og andre eventuelt takast ut.

Planarbeidet vil bidra til et kunnskapsløft for kommunens arbeid med kulturminnevern. Det er viktig at kommunane har kompetanse. Dette vil det kunne bli høve til i ein ny kommune som nye Ålesund. Fylkeskulturavdelingen og Romsdalsmuseet er sentrale fagmiljø å søke støtte hos ved behov.

Det vil vere viktig å sjå kulturminne i samanheng med andre viktige samfunnsområde som mellom anna folkehelse, friluftsliv, skole, reiseliv.

Private eigarar/grunneigarar er avgjerande for om vi lykkast med kulturminnevernet. Som regel er det ikkje mangel på kunnskap og forståing, men heller tilgangen på ressursar til å ta vare på dei kulturhistoriske verdiane.

Nedanfor følgjer nokre tiltak som vi meiner kan vere aktuelt å ta med i det vidare arbeidet:

1. Sikre kompetanse om kulturminne i kommunen – auke kunnskapen om historia.
2. Opprette dialog/kontakt med grunneigarar om kulturminne/-miljø i privat eige.
3. Synleggjere/informere om tilskotsordningar og rådgiving på området.
4. Involvere skular og barnehagar for å bevisstgjere verdien av kulturminne.
5. Skilte utvalte kulturminne. (Vi er i gang med fornying av eksisterande skilt.)
6. Samarbeid med friluftslivet for å skape gode turmål.
7. Aktiv bruk av Kulturminnesok.no. (nettside tilgjengeleg for publikum)
8. Sikre kompetanse til bruk i intern rådgiving og saksbehandling.
9. Vurdere kommunal tilskotsordning.
10. Utarbeide oversikt over kommunalt eide kulturminner eller kulturmiljø.
11. Utarbeide forvaltningsplan for kulturminner i Ålesund kommunes sitt eige, som omfattar drift og vedlikehald.
12. Vurdere samarbeid/dialog om etablering av muleg havsenter med vekt kulturminner og framtidig bruk av havrommet

I fasen etter utarbeiding av kulturminneplan for nye Ålesund må ein i arealplanen lage omsynssone for alle kulturminne av regional og nasjonal verdi, samt eit utval av kulturminne med lokal verdi.

## Vedlegg

### Rammer for arbeidet – lover – planer m.m.

(Kjelde: kulturminneplan Molde kommune)

#### Utvalg av regionale dokument

- Regional delplan for kulturminner.
- Tiltaksplan for kultur, del av handlingsprogram til Fylkesplan Møre og Romsdal.

#### Utvalg av nasjonale dokument, føringer og anbefalinger

- Nasjonale forventninger til regional og kommunal planlegging.
- St. meld 18 (2015-2016) Friluftsliv – Natur som kilde til helse og livskvalitet.
- St.meld Nr 35 (2012-2013) Fremtid med fotfeste – kulturminnepolitikken
- St.meld. Nr 26 (2006-2007) Regjeringens miljøpolitikk og rikets miljøtilstand
- St. meld. Nr 16 (2004-2005) Leve med kulturminner
- NOU 2002:1 Fortid former framtid, utfordringer i en ny kulturminnepolitikk
- Riksantikvaren har på sine nettsider mye informasjon, blant annet med veiledning og publikasjoner, blant annet:
- Riksantikvarens strategi for arbeid med kulturarv i kommunene.
- Riksantikvarens bystrategi er et bidrag til god forvaltning av kulturminner og kulturmiljøer i alle byer.
- Riksantikvarens fredningsstrategi med ti prioriterte tema.
- Miljøstatus.no er et samarbeid mellom flere statlige etater, med Miljødirektoratet som ansvarlig redaktør. Kulturminner et av temaene.
- Norsk kulturarv har hele landet som arbeidsområde og initierer kulturverntiltak både på lokalt og nasjonalt nivå.

#### Kjelder

##### Nettstadar:

[www.digitalmuseum.no](http://www.digitalmuseum.no)

[www.askeladden.ra.no](http://www.askeladden.ra.no)

[www.riksantikvaren.no](http://www.riksantikvaren.no)

[www.sandoy.kommune.no](http://www.sandoy.kommune.no)

[WWW.kulturminnesok.no](http://WWW.kulturminnesok.no)

##### Litteratur:

- Leo Oterhals: *Havlandet*
- Edvard Os: *Sandøy i Romsdal* bind 1 Bygdesamfunnet, 1961
- Nils Parelius: *Oldtidsminner i Sandøy kommune*, 1969
- Bjørn Ringstad: *Kampen om kvalen*, 2010
- Ole Lind Schistad: *Arkitektonisk kartlegging av den eldre bebyggelse i Møre og Romsdal*, 1975
- Rolv Rørhus: *Utasunds - Historia om Husefamilien på Steinshamn i 130 år*, 2013
- Sandøy Sogenemnd: *Ved dette havet bur ei ætt...* Årsskrift 1988-1997
- Randi Kristin Strand – Anne Huse: *Busetnadssoge for Sandøy Bind 2 – Røssholmen, Ona, Husøya*
- Kathrine Gangstad: *Sandøy – det unike øyriket i havgapet*, 2016

- Svein Ove Søholt: *Røsokvika – ein stad å bli glad i, prospekt over eit privat initiativ.* (hefte) 2006
- Svein Magne Harnes: *Tusenårig øytradisjon broten* (hefte/blogg), 2015

### Andre kjelder:

Kulturminneplanar for kommunane Averøy, Molde, Skodje og Haram.

## Ord og omgrep

### Riksantikvarens ordforklaringar (utdrag)

- **Automatisk freda kulturminne** Eit [kulturminne](#) som er freda direkte etter lov, utan særskilt vedtak.
- Kulturminne som er automatisk freda er mellom anna:
  - [faste kulturminne](#) frå før 1537
  - ståande byggverk med erklært opphav frå perioden 1537-1649

Skipsfunn eldre enn 100 år er verna etter [eigne reglar i kulturminnelova.](#))
- **Fast kulturminne:** Nemninga blir brukt om [kulturminne](#) som er jord- eller stadfaste. Funn av gjenstandar inngår som delar av eit fast kulturminne så lenge dei ligg i jorda eller under vatn.
- **Freda kulturmiljø:** Eit [kulturmiljø](#) som myndigheitene gir så stor verdi at det må takast vare på for ettertida. Ei freding er den strengaste forma for vern. Freding vil seie at inngrep/endringar må godkjennast av myndigheitene.
- **Freda kulturminne** Eit [kulturminne](#) som myndigheitene gir så stor verdi at det må sikrast for ettertida. Eit freda kulturminne er [automatisk freda](#) eller [vedtaksfreda](#). Ei freding er den strengaste forma for vern. Det vil seie at inngrep/endringar må godkjennast av myndigheitene.
- **Immateriell kulturarv:** Immateriell [kulturarv](#) betyr praksis, framstillingar, uttrykk, kunnskap og ferdigheiter. For kulturminneforvaltinga er den immaterielle kulturarven knytta til det vi ikkje kan ta på ved eit [kulturminne](#). Dette gjeld til dømes tru, tradisjonar, sagn og hendingar.
- **Kulturlandskap:** Alt [landskap](#) som er påverka av menneske. Ordet blir brukt når det blir fokusert på den menneskelege påverknaden av landskapet, og særleg ofte om jordbrukslandskap.
- **Kulturmiljø:** Eit område der [kulturminne](#) inngår som del av ein større heilskap eller samanheng. Naturelement med kulturhistorisk verdi kan vere ein del av eit kulturmiljø. Kulturmiljø kan for eksempel vere eit byområde, ei setergrend, eit fiskevær eller eit industriområde med fabrikkar og bustader.
- **Kulturminne:** Kulturminne er alle spor etter menneska sine liv og virke i det fysiske miljøet. Omgrepet omfattar også stader det knyter seg historiske hendingar, tru eller tradisjon til. Naturelement som har kulturhistorisk verdi er òg kulturminne, eller kan inngå som del av eit kulturminne. Kulturminne kan for eksempel vere bygningar, hagar, gravhaugar, helleristningar, båtar eller vegfar. Desse kan vere frå tidlegare tider eller frå vår eiga tid. Vi skiller mellom [lause](#) og [faste kulturminne](#).
- **Kulturminneverdi:** Verdi som blir tillagt eit [kulturminne](#). Forvaltninga, organisasjonar, eigarar, brukarar eller andre kan vurdere kulturminnets verdi på ulike måtar. Verdivurderinga kan endrast over tid. Kulturminneforvaltinga deler gjerne verdiane inn i tre grupper: kunnskapsverdiar, opplevelsesverdiar og bruksverdiar.
- **Lokal verdi:** Verdi som blir tillagt [kulturminne](#) eller [kulturmiljø](#) knytt til lokal verksemd og historie. Eit kulturminne av lokal verdi kan også få [regional](#) og/eller [nasjonal verdi](#).

- **Nasjonal verdi:** Verdi som blir tillagt [kulturminne](#) eller [kulturmiljø](#) knytt til viktige fasar og forhold i landets historie. Eit kulturminne av nasjonal verdi kan også få [regional](#) og/eller [lokal verdi](#).
- **Nyare tids kulturminne:** [Kulturminne](#) som er datert til 1537 eller seinare. *Ei anna nemning som òg kan brukast, er etterreformatorisk kulturminne.*
- **Regional verdi:** Verdi som blir tillagt [kulturminne](#) eller [kulturmiljø](#) knytt til regional verksemd og historie. Eit kulturminne av regional verdi kan også få [nasjonal](#) og/eller [lokal verdi](#).
- **SEFRAK-bygning:** Nemninga blir brukt om bygningar som blei registrerte i regi av SEFRAK (Sekretariatet for registrering av faste kulturminne) i åra 1975-1995. Registreringane omfattar i prinsippet alle bygningar som er bygde før 1900, men i enkelte område vart grensa sett noko lenger fram i tid, for eksempel i Finnmark (alle bygningar før 1945.) Det einaste kriteriet for registrering var alder på bygningen.
- **Skipsfunn:** Nemninga blir brukt om gamle båtar som er meir enn hundre år gamle, skipsskrog, tilbehør, last og alt anna som har vore om bord. Skipsfunn er verna etter [eigne reglar i kulturminnelova](#).
- **Vedtaksfreda kulturminne** Eit vedtaksfreda [kulturminne](#) blir i dag freda gjennom vedtak etter kulturminnelova eller svalbardmiljølova. [Vedtaksfredingar etter kulturminnelova](#) kan omfatte alle typar kulturminne yngre enn 1537, ståande byggverk yngre enn 1649, [kulturmiljø](#) og farty. [Vedtaksfredingar etter svalbardmiljølova](#) kan omfatte kulturminne yngre enn 1945.
- **Verna kulturminne:** Eit [kulturminne](#) som er verna ved lov eller andre verkemiddel. Dei viktigaste lovene er [kulturminnelova](#), [plan- og bygningslova](#), [kyrkjelova](#), [svalbardmiljølova](#) og [naturmangfaldlova](#).
- Andre verkemiddel for vern er statlege verneplanar, [kyrkjerundskrivet](#), avtaler, [listeføring](#), tilskotsordningar med meir.
- **Verneverdi** - sjå [Kulturminneverdi](#).
- **Verneverdig kulturminne:** Eit verneverdig eller bevaringsverdig [kulturminne](#) er eit kulturminne som har gjennomgått ei kulturhistorisk vurdering og er identifisert som verneverdig. Nemningane verneverdig og bevaringsverdig tyder det same og blir brukte om kvarandre. Dei mest verneverdige kulturminna er av [nasjonal verdi](#). Det er fyrst og fremst desse som blir freda etter [kulturminnelova](#). Kulturminne kan også ha [regional](#) eller [lokal verdi](#) . Normalt vil det vere kommunane som sikrar vern av slike kulturminne ved hjelp av [plan- og bygningslova](#). Ein annan måte å markere at eit kulturminne er verneverdig på, er [listeføring](#). Dei fleste verneverdige kulturminne er ikkje formelt verna etter kulturminnelova eller plan- og bygningslova. Mange blir likevel tekne vare på fordi dei blir oppfatta som verdifulle av eigarar og brukarar.
- **Kva betyr ulik vernestatus?**
- Kulturminner kan ha ulik vernestatus. Riksantikvaren gir på sine [heimesida](#) oversikt over ulike vernestatus.
- **Tilskot** Eigarar eller forvaltarar av kulturminne kan søkje om tilskot til tiltak som for eksempel istandsetting, sikring og skjøtsel. Riksantikvaren har informasjon om dette på sine [heimesider](#).